

Merknadar og uttalar i 3. høyringsperiode

Generelt

Merknadar til planføremåla


Planføremål	Avsendar	Merknad/innspeil	Kommunedirektøren si vurdering
Kvikkleire og annan naturfare	NVE	<p>Temakart «Mulighet for marin leire» Store deler av Fjaler kommune er omfatta av eit temakart «Mulighet for Marin Leire» (MML). Temakartet er ei tolking av NGU sitt lausmassekart i dei områda lausmassekartet er av god nok kvalitet til å kunne nyttast til dette føremålet. Temakartet kan såleis nyttast som eit aktsemdkart for fare for områdeskred av kvikkleire. De kan då innarbeide aktsemdområda som omsynssone H310 Ras- og skredfare i plankartet. Til omsynssona kan de knyte ei føresegn med krav om utgreiing av fare for områdeskred av kvikkleire. I dei områda som er omfatta av temakartet kan dette erstatte det generelle utgreiingskravet under marin grense som de no har i føresegnene.</p> <p>Om ROS analysen og kvikkleire I ROS analysen, dvs. i vurderinga av sårbarheit for det einskilde arealet synes vurdering av grunntilhøve og kvikkleire å vere fråverande. Vi meiner at de må gå gjennom kvart einskilde areal og oppdatere ROS analysen med omsyn på fare for områdeskred av kvikkleire.</p> <p>Utfylling i strandsona kan utløyse skred Fjaler har ei lang strandline mot sjøen, og mange tiltak vert gjennomført i strandsona. I NVE rettleiar 1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred er det eit eige kapittel (kap. 2.8) om aktsemd i strandsona. Der står det at det kan vere svært vanskeleg å sjå konsekvensane av ei lokal overbelastning i sjø, og at skred i sjø kan utløysast i alle typar lausmassar. Difor rår rettleiaren til at det alltid vert gjennomført grunnundersøkingar og geoteknisk detaljprosjektering for å vurdere skredfare og stabilitet for tiltak i strandsona. Vi rår dykk til å innarbeide krav i arealdelen om grunnundersøkingar og detaljprosjektering av tiltak i strandsona.</p> <p>Reell naturfare må avklarast på siste plannivå Det er eit viktig prinsipp at avklaring av reell naturfare skal skje på siste plannivå. Klårast går dette fram i KMD rundskriv H-5/18 «Samfunnsikkerhet i planlegging og</p>	<p>Kommunedirektøren si vurdering</p> <p>Merknaden er stort sett teke til følge, sjå kommentarar til kvart tema under:</p> <p>Temakart «Mulighet for marin leire»: Aktsemd for mogleg marin leire er lagt inn som eit eige kartlag i tillegg til skredfaresonene med eiga benemning «H310_M».. Samt er det lagt til eigne føresegner for H310_M.</p> <p>Om ROS analysen og kvikkleire: Ros analysen er oppdatert med vurdering for kvikkleire.</p> <p>Utfylling i strandsona kan utløyse skred: Sjølv om Fjaler kommune har ei lang strandlinje mot sjøen, består nesten all denne strandsona av synlege svaberg. Eit krav om grunnundersøkingar og</p>

		byggesaksbehandling» side 12 der det heiter: «Ved siste plannivå er det ikke mulig å skyve nærmere avklaring av reell fare til byggesaken ved å sette vilkår for å innvilge byggesøknad. Kravet til ROS-analyse i lovens §4-3 vil da ikke være oppfylt.»NVE rår dykk til å gå gjennom planen, og sjå til at det er sett krav om utarbeiding av reguleringsplan i alle område der det er opna for utbygging, og naturfare ikkje er tilstrekkeleg avklart.	detaljprosjektering av tiltak i strandsona vil difor vere heilt urimeleg i dei aller fleste tilfella. Ut i frå aktsemdskart for marin leire dekkjer denne faresona ein del av strandsona som ikkje består av svaberg, og slik vi ser det vil denne vere tilstrekkeleg for å få undersøkt strandsone som burde undersøkast. Reell naturfare må avklarast på siste plannivå: Det er tatt ein heilheitleg gjennomgang for å sikre at dette er ivareteke.
Generelt	BKK Nett AS	BKK Nett AS har ingen merknader til kommuneplanen utover merknader som blei gitt av Arne Tefre i samband med 2.gangs høyring. Desse merknadane er teke til følge i revidert plan.	Merknaden er teke til orientering.
Akvakultur	Norges Miljøvernforbund	NMF vil i dette høyringssvaret fokusere på at kommunen har valgt å utvide arealene avsatt til Akvakultur. I utgangspunktet er NMF i mot all utvidelse av arealer til Akvakultur da Norskekysten ,og våre fjorder etter vårt syn har så mange anlegg at det allerede nå er alt for mange åpne merder til at det er miljømessig forsvarlig. Dette gjelder også Dalsfjorden i Fjaler kommune. Flere åpne anlegg i denne fjorden kan etter vårt syn føre til at fjorden sakte men sikkert dør på grunn av oksygenmangel, som kommer av store utslipp av fosfor, nitrogen og slam fra pellets og fiskemøkk fra disse åpne oppdretts anleggene. Vi legger her ved en film vi gjorde i 2016 under flere anlegg for å vise forholdene under en god del oppdrettsanlegg vs Mom-B undersøkelser gjort av innleide firmaer fra oppdrettsindustrien selv. NMF anbefaler på det sterkeste at kommunens politikere ser denne filmen, for å gjøre seg opp en mening om forholdene NMF filmet vs miljøundersøkelsene gjort av innleide firmaer selv. MS Miljødronningen vs. MOM B 2 1280x720 – YouTube	Merknaden er teke til orientering. Føresegnene for akvakulturanlegg er skjerpa inn.

		<p>Men det finnes en løsning for kommunen, og ikke minst for livet i fjorden. Kommunen kan med lovverket i hånd kreve at alle nye søkte lokaliteter (og helst også de som allerede er i fjorden), om at oppdrettsindustrien skal rense sine utslipp. Lik all annen industri har fått krav om for mange 10 år siden.</p> <p>NMF er fullstendig klar over at kommunen ikke kan stille teknologikrav til drift i henhold til Akvakulturloven. Men som sagt krav om rensing av utslippene er helt i tråd med lovverket i kommunen. NMF legger her ved en veileder vi har laget, som juridisk viser hvordan kommunen da kan gå frem for å fremme dette kravet.</p> <p>veieleder kommuner 4..pdf</p> <p>Hvis kommunen så stiller et krav om rensing av utslippene så kommer ikke oppdretterne unna å lukke anleggene sine for å oppnå dette kravet. Lukkede sjøanlegg er nå blitt hyllevare, og er den aller beste og siste tilgjengelige teknologien for å drive miljømessig forsvarlig (ref. Akvafuture om har drevet med lukkede sjøanlegg i 10 år nå) Selv om oppdrettsindustrien ofte benekter dette når det blir satt et slikt krav om rensing av utslippene. De ønsker jo selvsagt å drifte med den rimeligste teknologien som er flytende plastringer med åpne nøter. (link lukkede anlegg i sjø :)</p> <p>Akvafuture NO</p> <p>NMF håper at kommunen ser på vårt høringssvar her med åpne øyne, og vurderer løsningen som er skissert her. Fjaler Kommune har nå en unik mulighet til å bli en foregangskommune som setter miljø, natur, artsmangfold, fiske og trivsel for alle som ferdes på og i sjøen i fokus, ved å kreve rensing av utslippene fra oppdrettsindustrien i Dalsfjorden.</p>	
	Mattilsynet	<p>Gjennomgang av den reviderte arealplanen for Fjaler viser at alle lokaliteter i sjø som er etablert i kommunen har fått ein generell utviding av akvakulturområda. Denne utvidinga er gjort med bakgrunn i at moderne anlegg krev større areal i sjøen, og det har ikkje endra avstanden mellom dei ulike lokalitetane, og vidare er ikkje den etablerte sonestrukturen endra. Vi har derfor ingen merknader til denne utvidinga av arealet på lokalitetane.</p> <p>Det er teke inn eit nytt akvakulturområde i sjø lengst vest i kommunen merka: VA16 Akvakulturområde i sjø ved Myrbergskjæret . Dette området grenser opp mot kommunane Askvoll og Solund.</p>	Merknaden er teke til orientering.

		<p>Avstand til næraste oppdrettslokalitet er meir enn 5 km, og ein mogeleg lokalitet vil ikkje komme i konflikt med etablerte brakkleggingsområde eller område med særskilt vern som laksefjordar. Området kan derfor avsettast til akvakulturområde.</p> <p>Vidare er det sett av/endra eitt område for landbasert anlegg med fylling til sjø avmerkt Gjøllanger VA15. Det omsøkte området ligg nær Gjøllanger Settefisk og i underkant av 5 km frå Kyravika som er næraste oppdrettslokalitet i sjø. 5 km er tilrådd avstand mellom anlegg på land som produserer settefisk/postsmolt og matfisklokalitetar i sjø, men den konkrete smittefaren skal vurderast i kvart einskilt tilfelle uavhengig av avstand. Vi har derfor ingen merknader til det avsette området Gjøllanger VA 15</p> <p>Vi gjer merksam på at alle søknader om etablering og utviding av akvakulturanlegg vert handsama etter <i>Forskrift om etablering og utvidelse av akvakulturanlegg, zoobutikkar mm</i> med tilhøyrande retningslinje. Det at kommunen sett av eit område for akvakultur vil ikkje sei at det er automatikk i at det vert gjeve løyve til etablering av lokalitetar. Mattilsynet skal ved sakshandsaming av slike søknader vurdere om anlegg og område er eigna for oppdrett av den arten det er søkt om med omsyn til fiskevelferd. Vi skal vidare gjere ein særskilt vurdering av kvar søknad om nyetablering eller utviding av biomassen med omsyn til spreiding av smitte av fiskesjukdom og lakselus.</p>	
	Norske lakseelver	<p>I vårt innspill belyser vi utfordringer for vill laksefisk (laks og sjøørret) i elver som drenerer til Dalsfjorden, og i Produksjonsområde 4 generelt. Det er godt dokumentert at påvirkninger fra oppdrett er den største trusselen mot villaks og sjøørret, og det er også en klar sammenheng mellom omfang av oppdrettsaktivitet og grad av påvirkning. Hvis det legges til rette for utbygging av tradisjonell akvakulturdrift med åpne merder i sjøen, som er en del av eksisterende arealbruk i Fjaler kommune, vil dette med stor grad av sannsynlighet øke belastningen på villaks og sjøørret. I tillegg understreker vi at beskyttelsessonen som den nasjonale laksefjorden representerer i større grad må bli hensyntatt.</p> <p>Status for villaks og oppdrett i området som arealplanen skal dekke</p> <p>Høsten 2021 ble den atlantiske laksen tatt inn på Norsk rødliste for arter (rødlista) som nært truet¹. Dette er et svært alvorlig signal om at noe er galt, og at utviklingen til villaksebestandene viser en kraftig nedadgående trend. Ifølge Vitenskapelig råd for lakseforvaltning (VRL) er bare én av fem laksebestander i god eller svært god tilstand i henhold til Kvalitetsnormen for villaks², som er fastslått i Kongelig resolusjon. Det betyr at fire av fem bestander enten har for stor genetisk påvirkning fra rømt oppdrettslaks, at bestandene ikke når gytebestandsmålet/ikke har stort nok høstbart overskudd, eller begge deler. Lakselus og innkryssing av gener fra rømt oppdrettslaks utgjør ifølge Vitenskapelig råd for lakseforvaltning de to største menneskeskapt truslene mot villaksen. Infeksjoner</p>	<p>Det er i merknad vist til grundige vurderingar for villaksbestandane, regnbogeaure, aure m.m. Vurderingane er grunnegjeve grundig basert på statistikk både på generell basis, men òg knytt konkret mot Fjaler kommune. Det er kome inn forslag til endring i oppsummering av merknad. Merknad er tatt til orientering.</p> <p>Det er tatt inn føresegner knytt til miljøkvalitet og akvakultur som skal verke avbøtande for desse tilhøva. Føresegner tek føre</p>

knyttet til fiskeoppdrett er vurdert som den tredje største trusselfaktoren (Figur 1). Grunnen til at vi nevner VRLs rangering av trusler, er at sjøarealer og elver som omfattes av arealplanen er berørt av disse påvirkningsfaktorene.



Figur 7. Vurdering av påvirkningsfaktorer og bestandstrusler for norske laksebestander. Bakgrunnsfargen illustrerer alvorlighetsgrad (mørk farge mest alvorlig). Fargene på punktene symboliserer god kunnskap og lav usikkerhet om utvikling (grønn), moderat kunnskap og moderat usikkerhet om utvikling (gul), og dårlig kunnskap og stor usikkerhet om utvikling (rød).

Figur 1. Vurdering av påvirkningsfaktorer og bestandstrusler for norske laksebestander (fra VRL-rapport nr 16, se fotnote 2).

Det ligger ett oppdrettsanlegg for laks, regnbueørret og ørret inne i den nasjonale laksefjorden, lokalitet 13838 Hegnes, mens det ligger flere anlegg lengre ut i fjorden. Det er foreslått utvidet areal for mange av anleggene i arealplanen (N06_føresegner_KPA Fjaler_17.12.21), inkludert for lokalitet Hegnes. VA1, 3, 5, 7, 20 får også et nytt område regulert til akvakultur. Hvis «potensielle utvidingar av eksisterande anlegg» medfører planer om på sikt å øke biomassen, vil dette med stor sannsynlighet gi økte negative effekter på vill laksefisk i elvene og i fjorden. Dette er ikke i tråd med hensikten om å gi ekstra vern til villaksbestandene i nasjonale laksefjorder.

To av de tre største laksevassdragene som drenerer til Dalsfjorden har ikke oppfylt målet om god eller svært god tilstand i Kvalitetsnormen oppnådd (Figur 2). Årsaken er for stor grad av innkryssing av gener fra rømt oppdrettslaks i villaksbestandene.

seg tilhøve etter naturmangfaldslova, lakse- og innlandsfiskelova, vassforskrifta og plan- og bygningslova.

På generelt grunnlag vert det vist til at område for akvakultur er redusert frå 3. gongs høyring av arealplanen til 4 gongs høyring.



Figur 2. Laksebestandene i elvene Gaula og Flekkeelva er vurdert til moderat status i Kvalitetsnormen, mens Daleelva har god/svært god status.

Når det gjelder sjørrreten står det betydelig dårligere til. VRL vurderer bestandsstatus som dårlig i 082.4Z Dalselva, 083.2Z Kvamselva og i 083.4Z Rivedalselva, og moderat i 082.5Z Flekkeelva og 083Z Gaula.. I alle disse vassdragene er lakselus vurdert til å ha stor negativ effekt (nivå 3) på sjørrreten (Figur 3).

TEMARAPPORT FRA VITENSKAPELIG RÅD FOR LAKSEFORVALTNING NR. 7

Vassdragsnummer	Vassdragsnavn	Fylke	Bestandsstatus	Miljøgifter	Sanfterdsel	Arealinngrep	Landbruk	Avløp	Forsuring	Utbygd for vannkraft	Vannkraftregulering	Annenn vannbruk	Lakselus	Fangstpåvirkning
079.Z	Daleelva (Høyanger-vassdraget)	Sogn og Fjordane	Dårlig	0	0	2	0	0	1	Ja	3	0	2	0
080.1Z	Hovlandselva-Indredal	Sogn og Fjordane	Svært dårlig	0	0	1	0	1	2	Ja	3	0	3	0
080.21Z	Ytredalselva i Høyanger	Sogn og Fjordane	Dårlig	0	0	0	0	0	2	Ja	1	0	3	0
080.4Z	Boelva (Leirvikelva) i Hyllestad	Sogn og Fjordane	Dårlig	0	0	0	0	0	2	Ja	2	0	3	0
082.5Z	Dalselva i Dale (Vassdalselva)	Sogn og Fjordane	Dårlig	0	0	0	2	0	0	Ja	1	0	3	1
082.Z	Flekkeelva-Guddalsvassdraget	Sogn og Fjordane	Moderat	0	0	0	0	0	1	Nei	0	0	3	1
083.2Z	Kvamselva i Sunnfjord	Sogn og Fjordane	Dårlig	0	0	1	2	1	0	Nei	0	0	3	1
083.4Z	Rivedalselva	Sogn og Fjordane	Dårlig	0	0	0	1	0	2	Ja	1	0	3	1
083.Z	Gaula i Sunnfjord	Sogn og Fjordane	Moderat	0	0	0	1	0	1	Nei	0	0	3	1

Figur 3. Klassifisering av bestandstilstand for sjøørret i 448 vassdrag per 2017. Mørk grønn farge angir svært god tilstand, grønn farge god tilstand (Kilde: VRL-temarapport 73 gul moderat, oransje dårlig og rød svært dårlig tilstand. Menneskeskapte påvirkningsfaktorer er klassifisert til å ha ingen effekt (grønt, 0), liten effekt (gult, 1), moderat effekt (oransje, 2) og stor effekt (rødt, 3) på bestandsstørrelse.

Tilstanden i Produksjonsområde 4


Område som sjøarealplanen skal dekke ligger i Produksjonsområde 4 (PO4, Nordhordland til Stadt). Den samlede påvirkning fra lakselus, målt som dødelighet på vill laksesmolt, ble vurdert til å være større enn 30% for PO4 i perioden 2018-2019, og den lå også over 30% (Høy) i 2017. Området har hatt rødt lys i trafikklyssystemet for 2020-2021. Dette betyr at oppdretterne i PO4 har måtte ta ned biomassen av oppdrettslaks og ørret med 6% i denne perioden. Ny fargelegging av produksjonsområdene er like rundt hjørnet, og ut fra vurderingen fra Ekspertgruppa for trafikklyssystemet (Figur 4) ser det ut til at vekstmulighetene for PO4 i kommende periode er små. Sannsynligheten er stor for at området får rødt lys i neste toårsperiode, og dermed ytterligere 6% nedtrekk av biomasse. I beste fall blir det gult lys og videre produksjon på 94% utnyttelse av opprinnelig MTB for anleggene i Fjaler kommune.

PO	2016	2017	2018	2019	2020	2021
1	Lav	Lav	Lav	Lav	Lav	Lav
2	Mod	Lav	Mod	Lav	Høy	Lav
3	Høy	Høy	Høy	Mod	Høy	Høy
4	Mod	Høy	Mod	Høy	Mod	Høy
5	Mod	Mod	Mod	Høy	Lav	Mod
6	Mod	Lav	Lav	Lav	Lav	Lav
7	Mod	Lav	Mod	Lav	Mod	Mod
8	Lav	Lav	Lav	Lav	Lav	Lav
9	Lav	Lav	Lav	Lav	Lav	Lav
10	Lav	Lav	Lav	Mod	Lav	Lav
11	Lav	Lav	Lav	Lav	Lav	Lav
12	Lav	Lav	Lav	Lav	Lav	Lav
13	Lav	Lav	Lav	Lav	Lav	Lav

Figur 4. Ekspertgruppa for trafikklyssystemets hovedkonklusjoner for lakselus påført dødelighet på postsmolt av villaks i perioden 2016-2021.

Havforskningsinstituttet (HI) har de siste årene gjort en risikovurdering der de vurderer effekter av norsk fiskeoppdrett. I rapporten fra 2021 konkluderer HI slik for dødelighet hos utvandrende postsmolt av laks i PO44 (se figur 5): «Toleranse til fisken er moderat, men smittepresset anses som høyt og risikoen for dødelighet vurderes derfor som høy på utvandrende laks i PO4, selv om det er stor variasjon innad i området. God kunnskap om utvandringstider og godt samsvar mellom modellresultater og observasjonsserier gjør at vi anser kunnskapsstyrken som god»


2.4.4 - Produksjonsområde 4 - Nordhordland til Stadt



Figur 5. Risikobilde for dødelighet på utvandrende postsmolt av laks som følge av utslipp av lakselus fra oppdrett i PO4 (Figur fra Grefsrud mfl. (2021), se fotnote 4)

Tilsvarende vurdering er gjort for villaksens genetiske status i PO4: «*Stor genetisk endring er påvist i nær halvparten av bestandene. Store eller moderate endringer i de tre største bestandene. Tilstanden i området er derfor vurdert til å være dårlig. Vurderingen er basert på 33 bestander som til sammen utgjør 94 % av produksjonsområdets totale gytebestandsmål, så kunnskapsstyrken anses som god.*»

4.3.4 - Produksjonsområde 4, Nordhordland til Stadt



Figur 6. Risikobildet for ytterligere genetisk endring i villaksbestandene som følge av rømt oppdrettslaks i PO4. (Figur fra Grefsrud mfl. (2021), se fotnote 4)

Det er også verdt å merke seg at flere av lokalitetene innenfor planområdet er, eller har vært rammet av pankreassykdom (pancreas disease – PD). PD er en alvorlig smittsom virussykdom hos laksefisk i sjøvannsoppdrett, forårsaket av Salmonid alphavirus (SAV). Ifølge Veterinærinstituttets fiskehelse rapport fra 2020, er PD vurdert som den femte største utfordringen i forhold til dødelighet, dårlig vekst og redusert velferd⁵. Smittefaren til villaks er vanskelig å dokumentere, ettersom smittet villfisk vil dø og forsvinne i havet, men et føre-var-perspektiv er nødvendig.

Muligheter for både oppdrett og villaks i Fjaler kommune

Framtidig oppdrettsvekst i PO4 er slik vi ser det svært lite sannsynlig med dagens produksjon i åpne merder. Hvis man forsetter med dagens produksjon vil dette også føre til ytterligere reduksjon av villaksbestandene. Trafikklyssystemet skulle skape en mer forutsigbar og miljømessig bærekraftig vekst i næringen (*stortingsmelding nr. 16 i 2014-2015*), men det stikk motsatte har blitt tilfellet for PO4. Dermed taper oppdretterne penger som følge av redusert MTB. Dette skaper usikkerhet rundt arbeidsplasser og kommunene mister verdifulle inntekter fra havbruksfondet. I tillegg påfører oppdrettsindustrien alt for

		<p>stor dødelighet på villaks og sjøørret i elvene, og effekter fra lakseoppdrett reduserer dermed områdets potensiale innenfor turisme og reiseliv. Situasjonen kan betegnes som en tap-tap-situasjon. Hva kan gjøres i kommuneplanens arealdel for å komme over i en vann-vinn-situasjon for Fjaler kommune? I 2008 ble virkeområdet for Plan og bygningsloven (PBL) utvidet til en nautisk mil utenfor grunnlinjene, knyttet til harmoniseringen av Norges implementering av EUs vanndirektiv. Målet om bærekraftig utvikling kom også inn i PBLs formålsparagraf. Samtidig har PBL av 2008 gitt kommunene flere nye virkemidler til å planlegge for fiskeoppdrett, bl.a. mulighetene til å vedta bestemmelser om «hvilke artsgrupper eller arter av akvakultur som enkeltvis eller i kombinasjon kan etableres» (PBL §11-11, nr. 7). Kommunene kan nå altså bestemme om de f.eks. ønsker oppdrett av laks eller torsk på et bestemt område planlagt for akvakultur. Det kan planlegges for «bruk og vern av vannflate, vannsøyle og bunn» (PBL §11-11, nr. 3). Videre har kommunene fått økt myndighet til å sette krav om «miljøkvalitet, estetikk, natur og landskap» (PBL §11-9, nr. 6).8»</p> <p>Kommunene skal i dette arbeidet forholde seg til <i>Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) LOV-2009-06-19-100, herunder EUs vanndirektiv som er inntatt ved lov 14.12.2018</i>. I direktivet heter det; «Formålet med dette direktiv er å fastsette en ramme for vern av innlands overflatevann, brakkvann, kystvann og grunnvann for å ...</p> <p>c) sikte mot styrket vern og forbedring av vannmiljøet, blant annet gjennom spesielle tiltak for gradvis reduksjon av utslipp og tap av prioriterte stoffer og opphør eller utfasing av utslipp og tap av prioriterte farlige stoffer.»</p> <p>Kommunen skal holde seg innenfor rammen av loven ved planlegging. Ut fra normalt lovhierarki, hvor nyeste lov står over tidligere lover ved motstrid, står naturmangfoldloven med vanndirektivet over tidligere lover.</p> <p>Implementering av naturmangfoldloven og vanndirektivet, er noe kommunen er pålagt å legge til grunn ved arealplaner. Det er med andre ord ikke noe kommunen kan velge å se bort fra. Et krav fra kommunen om begrenset utslipp av organisk materiale vil oppfylle punkt C) i vanndirektivet. Dette vil i realiteten bety akvakultur med en annen teknologi enn åpne merder i sjøen. Kommunen har derfor både en lovpålagt plikt til å oppfylle naturmangfoldloven (vanndirektivet) og en rett til å stille betingelser ved tillatelser til akvakultur.</p> <p>På bakgrunn av dette, foreslår Norske Lakseelver at følgende formulering tas inn i kommuneplanenes arealdel:</p>	
--	--	---	--

		<p><i>Fjaler kommune ønsker en forutsigbar og bærekraftig vekst i akvakultur. For å få til dette stilles følgende teknologinøytrale funksjonskrav med hjemmel i Plan- og bygningsloven, naturmangfoldloven og vanddirektivet:</i></p> <p><i>Innen 2030 skal akvakulturanleggene i kommunen være rømmings sikre og ikke slippe ut egg eller fritt svømmende stadier av lakselus. Partikulært avfall skal samles og resirkuleres slik at viktige ressurser som bl.a. fosfor kan gjenbrukes. For nye anlegg, konsesjoner eller lokaliteter, gjelder kravene umiddelbart.</i></p> <p>Funksjonskravet har en gigantisk oppside: Framtidig, forutsigbar vekst i oppdrett og inntekter og arbeidsplasser til kommunen, samtidig som man bevarer og styrker levekårene for villaks og sjøørret. I tillegg til at negativ påvirkning på vill laksefisk fra lus og rømming elimineres, vil funksjonskravet gi ytterligere, store miljøgevinster og dyrevelferdsmessige forbedringer. Som eksempler kan det nevnes ingen negativ påvirkning på reker og andre krepsdyr, ingen overgjødning lokalt, ingen behov for rensefisk, ingen behov for mekanisk eller kjemisk avlusning, liten eller ingen smittefare mellom anlegg, ingen problemer for oppdrettslaks med lokale algeoppblomstringer siden inntaksvann kan hentes på dypet, og heller ikke stor sårbarhet for varmere overflatevann i havet som vil komme på grunn av klimaendringer.</p> <p>Virkemidler for en overgang til bærekraftig oppdrett</p> <p>Høste 2021 publiserte Menon Economics en rapport der de har vurdert ulike virkemidler for vern av miljø, bedre fiskevelferd og økt verdiskapning. Rapporten ble laget på oppdrag fra Norske Lakseelver og stiftelsen Reddvillaksen. Rapporten konkluderer med at et tilbud om vekst i bytte mot en overgang til oppdrett med strengere miljøkrav vil være et kraftig virkemiddel⁹. Hvis tilbud om vekst kombineres med en miljøavgift for de som ikke konverterer, blir virkemiddelet ifølge Menon enda sterkere. Utredningen til Menon ligger nå på bordet til de politiske partiene, og vi har ennå ikke hørt noen motforestillinger når vi har presentert den.</p> <p>Hvis det ikke skjer driftsendringer i nærmeste fremtid, vil man seigpine både oppdrettere og villaks, og en uunngåelig utflagging til andre produksjonsområder eller andre land blir resultatet. Dette er det ingen som ønsker når man ser på det økonomiske bidraget og antallet arbeidsplasser oppdrettsindustrien leverer langs kysten. Med et grønt skifte og overgang til nye driftsformer, kan dette bevares og utvikles, parallelt med at styrkede villaksbestander og renere fjorder vil gi kommunen et oppsving innenfor turisme og reiseliv.</p>	
--	--	---	--

	Norges naturvernforbund	<p>Sjølv om utvida areal ved eksisterande lokalitetar ikkje er gjort for å tilrettelegge for fysiske utvidingar og auka biomasse, så meiner vi det like fullt er eit uheldig signal. Ein kan lettare ivareta behovet for fortøyningar ved å skrive det inn i planføresegnene, og difor halde avsatte areal til oppdrettslokalitetar som før. Det er no fullt i sjøen, der minsteavstanden mellom lokalitetar ikkje vert møtt, og «raude traffikklys» i regionen. Naturvernforbundet ser på grunnlag av dei biologiske problema i næringa, ingen mogleg vekst for oppdrett utanom ved omstilling til lukka anlegg i sjø. Kommunen har vide fullmakter gjennom plan- og bygningslova til å sette føresegner for areala, slik at dei berre kan nyttast av lukka anlegg, evt. anlegg som er rømnings sikre og som held andre utslepp til det minimale. Slike miljølokalitetar bør òg ha krav til å erstatte dieselgeneratorar med fornybar energi. Vi støttar kommunen i å tilrettelegge areal for oppdrett av algar, skjel og særleg tare, som eit langt meir berekraftig og verdiskapande alternativ til taretråling.</p>	<p>Merknaden er teke til orientering. Føresegner for akvakulturanlegg er spesifisert.</p>
Drikkevassforsyning	Mattilsynet	<p>Kommunen skal ha oversikt over eksisterande drikkevasskjelder, men også eventuelle framtidige kjelder som kan tenkjast å bli tekne i bruk til drikkevatt, anten som hovudvasskjelder eller reservevasskjelder. Slike eventuelle kjelder skal også takast inn i arealplankart med avteikna omsynssoner. Omsynssonene til kjeldene skal i tilstrekkeleg grad gi konkrete føringar om tiltak og aktivitetar som ikkje er tillatne. Kommunen bør i tillegg fastsette krav dersom det skal etablerast energibrønner i omsynssonene og i areal for eventuelle framtidige drikkevasskjelder.</p> <p>Kommunen planlegg for ein del spreidd utbygging av fritidshus/bustader. Det kjem fram av saksdokumenta at det i områder med spreidd utbygging, der det allereie er etablert vatn- og avlaupsanlegg, så skal nye einingar knytte seg til eksisterande fellesanlegg. Vidare skal det for nye tiltak utarbeidast ein samla VAO rammeplan for heile området som skal følgje fyrste byggjesøknad. Når kommunen planlegg for spreidde bustad- og fritidsbygg, må det kome fram i føresegnene at desse skal koplust til ei drikkevassforsyning som leverer hygienisk trygt drikkevatt i tilstrekkelege mengder. Vi forventar at det blir gitt rekkefølgjekrav for vatn og avløp i kommuneplanen sin arealdel, og at rekkefølgjekrava må vidareførast til kvar enkelt reguleringsplan som blir utarbeidd. Kommunen sin arealplan må slik innehalde krav om at vatn og avløp skal vera ferdig etablert, og ha sikker levering av tilstrekkelege mengder vatn av drikkevasskvalitet, før bustadar, fritidsbustadar m.m. blir tatt i bruk. I tillegg er det ønskeleg at ein generell regel blir lagt til grunn for at omsynet til drikkevatt skal vera overordna andre samfunnsinteresser.</p> <p>Vi minner om at nye fellesanlegg skal vere eigd av kommunen når dei er av ein viss storleik (dimensjonert til å produsere meir enn 10 m³ per døgn), som bestemt i vass- og avløpsanleggslova. Kommunen kan etter søknad gi løyve til anna eigarskap ved etablering av nye vassforsyningar/anlegg, desse skal då organiserast som andelslag eigd av brukarene. Kommunen avgjer om det ellers skal stillast særlege vilkår for løyvet.</p>	<p>Merknaden er delvis teke til følgje og teke til orientering. Nokon punkt i merknaden ser vi ikkje som relevant for kommunen.</p>

		<p>Det må vidare stillast krav i kommunen sin arealplan at det skal søkast om plangodkjenning av etablerings- og driftsplanar for nye vassforsyningssystem, dersom den maksimale drikkevassproduksjonen skal dimensjonert til å bli minst 10 m³ per døgn. Dette tilsvarar forbruket til 50 personar, om ein legg til grunn eit døgnforbruk på ca. 200 liter per person. Søknad om plangodkjenning er også nødvendig dersom vassforsyningssystemet forsyner sårbare abonnentar, uavhengig av mengd drikkevatt som skal produserast. Føresegnene må òg ta inn at vassforsyningar som leverer vatn til meir enn ein husstand/fritidsbustad, skal registrerast hos Mattilsynet.</p>	
Vindkraft	Motvind	<p>Motstanden mot vindkraftanlegg, må tydeleggjerast i arealplanen. Motvind Sunnfjord og Ytre Sogn viser til Fjaler kommune sin uttale om forslag til nasjonal ramme for vindkraft til. Kommunen sa då at Fjaler er ueigna for vindkraftanlegg. Arealplanen må ha dette som premiss. Også samfunnsdelen og planstrategien har formuleringar som må innebere ein arealplan som ikkje legg til rette for vindkraft, men som helst også eksplisitt seier nei til vindkraft.</p> <p>Motvind Sunnfjord og Ytre Sogn</p> <p>Motvind Sunnfjord og Ytre Sogn vart etablert som ei oppfølging av sterk, lokal folkeleg motstand mot NVE sitt Forslag til nasjonal ramme for vindkraft. Organisasjonen femnar om kommunane Fjaler, Hyllestad, Høyanger og Sunnfjord.</p> <p>Kommunestyret vedtok 17.06.2019 at Fjaler er ueigna for vindkraft, i samband med Forslaget til nasjonal ramme</p> <p>I Forslaget til nasjonal ramme for vindkraft vart fjellområda i Fjaler kommune, peika ut som aktuell for vindkraftutbygging. Kommunestyret i Fjaler gjorde eit samrøystes vedtak 17.06.2019, der det står at «Kommunestyret vurderer at område som er foreslått i Fjaler kommune ikkje er eigna til vindkraftutbygging og at det må takast ut av nasjonal ramme for vindkraft». I tillegg bad kommunestyret rådmannen om å supplere uttalen med tema INON-område, friluftsliv, bulyst, beiteområde og fugle- og dyreliv. Vi er samd med kommunestyret i at områda i Fjaler er ueigna for vindkraft, og vi meiner at kommunestyret sitt vedtak må vidareførast i arealdelen til kommuneplanen.</p> <p>Samfunnsdelen og arealstrategien har formuleringar imot vindkraft</p> <p>Kommuneplanen sin samfunnsdelen vart vedteken for 8 år sidan, 10.02.2014; dvs. før det var snakk om vindkraft i Fjaler sine fjellområde. Likevel kan vi lese fleire formuleringar som må føre til at kommunen ikkje kan leggje til rette for vindkraftutbygging. Det same gjeld planstrategien. Vindkraftutbygging til krevje store naturinngrep, ofte i INON-område, og punktering av karbonlagrande myrområde. I samfunnsdalen og planstrategien til Fjaler står fylgjande: «Fjaler kommune skal sikre ei berekraftig forvaltning av naturressursane og ivareta viktig natur- og kulturlandskap». Vindkraftindustri i naturområde vil ikkje vere ei</p>	<p>Merknaden er delvis teke til etterretning, arealdelen opnar ikkje for noko vidare utbygging av vindkraft. Dette er tydeleg nok vist i kommuneplanens arealdel.</p>

		<p>berekraftig forvaltning av naturressursane, og vil ikkje ivareta viktige natur- og kulturlandskap.</p> <p>I tillegg til øydelagt natur, vil vindkraftanlegg lage visuell ureining som støy og skuggekast. Dessutan lagar vindkraftanlegget infralyd, som treff kroppen utan at du kan høyre det. Om vinteren kan det kome iskast frå vindturbinane, med krav om forbod mot å opphalde seg i området. Verditap på eigedomar og splitting av bygdesamfunn kan også vere konsekvensar av vindkraftanlegg. Vindkraftindustrianlegg er dermed ikkje foreinleg med ein god, trygg plass og bu. Dei som bur i området, misser også tilgang til natur som ikkje kan erstattast. Forsking viser nær samheng mellom fysisk aktivitet og naturopplevingar, og fysisk og psykisk helse. Vindkraftindustri er dermed i strid med fylgjande formulering i samfunnsdelen og arealstrategien: «Fjaler kommune skal vere ein god og trygg plass å bu med fokus på folkehelse og gode oppvekstvilkår.»</p> <p>Fleire viktige naturområde og INON-område i Fjaler</p> <p>I samfunnsdelen står det at: <i>«Fjaler har store område med tilgjengeleg naturlandskap som nyttast til friluftsliv og rekreasjon. Nokre av desse områda er utan tekniske inngrep, medan andre område inneheld hytter og traktorveggar. Det er særleg ynskjeleg å ivareta urørte område (natur 1-5 km frå tekniske inngrep) i størst mogleg grad då dei har ein særskild opplevingsverdi. Desse områda vil bli kartfesta i kommunepanens arealdel og bør takast særskilt omsyn til ved nye tiltak»</i>. Vi kan ikkje sjå at INON-områda er kartfesta i arealdelen, og ber om at det vert gjort.</p> <p>Fjella i Guddal, nord og sør for Hovlandsdalsvatnet, er sett av som omsynssone friluftsliv, H530. Delar av desse områda er også INON-område. Flekke- og Guddalsvassdraget er dessutan verna mot kraftutbygging. Natur og friluftsliv er viktig for folkehelsa, og vi meiner det er rett at desse områda får ei omsynssone friluftsliv. Det betyr også at det ikkje kan byggast vindkraftindustri i dette området, fordi vindkraftanlegg er ikkje foreinleg med friluftsliv.</p> <p>Fjellområda er viktige beiteområde I tillegg til å vere viktige naturområde og viktige for friluftslivet, er fjellområda livnærande beiteområde. Utmarksbeite er sjølv grunnlaget for mange av gardsbruka i bygdene våre. Dersom fjellområda vert nedbygd av vindkraftanlegg med tilhøyrande tilkomstveggar, skjeringar og fyllingar, vert utmarksbeite redusert til eit industriområde. Dersom Fjaler kommune vil nå måla i samfunnsplanen om at landbruksproduksjon vert oppretthalden, må difor fjellområda og dermed beiteressursen, vernast mot vindkraftutbygging.</p> <p>Inngrepsfri natur og tilgang på natur gjev bulyst</p> <p>I samfunnsdelen står det at «Fjaler kommune skal ha ein positiv folketalsvekst. Veksten skal i hovudsak skje i aldersgruppa 20-40 år. med ein årleg vekst i overkant av 1% og 15% innan 2025». Mange unge vel natur framfor by, og ynskjer å flytte til meir landlege</p>	
--	--	--	--

		<p>omgivnader. Då er det viktig å ta vare på naturen kommunen har, i staden for å bygge vindkraftanlegg.</p> <p>Fjaler kommune delar fjellområde med nabokommunar som er imot vindkraft Fjaler kommune deler eit fjellområde i Guddal, som også er eit INON-område, med kommunane Hyllestad og Høyanger. Både Hyllestad og Høyanger kommune har, i sine uttalar om forslaget til nasjonal ramme, sagt frå om at deira areal er uaktuelle for vindkraft. Høyanger kommune vedtok samfunnsplanen 16.12.2021, der det står «Høyanger kommune skal sikre landskap, naturmangfald og miljø, og ønskjer ikkje vindkraftutbygging i kommunen». Det andre fjellområdet, som også er eit INON-område ligg ved grensa til Sunnfjord kommune, som også har uttala seg mot forslaga i nasjonal ramme. Med utgangspunkt i kommunestyrevedtaket 17.06.2019, samfunnsplan, planstrategi og lokal motstand mot vindkraft, kan Fjaler kommune ta inn i arealplanen at Fjaler kommune ikkje ynskjer vindkraftutbygging i kommunen.</p> <p>Konklusjon: Arealplanen må ikkje på nokon måte opne for vindkraft. Planen må heller byggje vidare på tidlegare kommunestyrevedtak når det gjaldt forslaget til nasjonal ramme; nemleg at kommunen sine areal er ueigna til vindkraft.</p>	
	Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane	<p>Det er ikkje føreslått nye areal til vindkraft i kommuneplanen. Vi meiner at dersom det skal byggast eller utvidast vindkraft i Fjaler i komande planperiode, så er det i denne rulleringa av kommuneplanen at det må avgjerast. Dispensasjonar og private reguleringsframlegg frå utbyggerar gjev ikkje det same høvet til medverknad og rettstryggleik for innbyggerar og interessentar. Vi legg difor til grunn at det er uaktuelt å gjere om på areal avsatt til LNF-område til vindkraftføremål i komande planperiode.</p>	Merknaden er teke omsyn til.
	Linn Hovlandsdal	<p>Eg har tidlegare sendt innspelt til arealdelen til kommuneplanen, og bedt om at det vert tatt inn i arealplanen, at det ikkje skal byggjast vindkraft i Fjaler kommune. I dokument Innspel og merknadar, står det at «Merknaden er teke til etterretning. Einaste området som opnar for vindkraft i kommuneplanen i dag er område på Lutelandet der utbygging allereie har begynt. Det er ikkje fleire områder i kommunen som opnar for vindkraftutbygging». Det er særst positivt at merknaden er teke til etterretning, og at det ikkje er fleire område i kommunen som opnar for vindkraft. Denne merknaden, eller formulering som viser at vindkraft er uaktuelt i Fjaler, ber eg om at de tar inn i sjølve planomtalen eller føresegnene. Fordi sjølve arealføremålet, LNF-føremålet, og samfunnsdelen til kommuneplanen, samt planstrategien, opnar ikkje for vindkraftannlegg. Då er det naturleg at dette vert vidareført i arealplanen.</p> <p>Vindkraftanlegg er ikkje foreinleg med kommuneplanen sin samfunnsdel eller arealdelen Områda i Fjaler kommune som vart peika ut i Forslag til nasjonal ramme for vindkraft, var i fjell- og utmarksområda. Dette er område som er sett av LNF-føremål i arealplanen, og</p>	Merknaden er delvis teke til etterretning, arealdelen opnar ikkje for noko vidare utbygging av vindkraft. Dette er tydeleg nok vist i kommuneplanens arealdel.

		<p>vindkraftanlegg er ikkje foreinleg med det føremålet. I samfunnsdelen vedteken i 2014 står det at «Fjaler kommune vil medverke til at landbruksproduksjonen vert oppretthalden innafor dei nasjonale økonomiske rammer og i høve til dei klimatiske tilhøva som Fjalerlandbruket har.». Å bygge ned utmarksressursane og fjellområda med vindkraftanlegg, vil vanskeleggjere drifta for dei husdyrbruka som har beitedyr i utmarka. Eventuelle tilkomstveggar som kan lette beitetsyn, vil ikkje vege opp for øydelagt natur og tapt beitemark. For å oppretthalde landbruksproduksjonen, kan det difor ikkje byggast vindkraftanlegg i utmarks- og fjellområda. Ulemper frå vindkraftanlegg som støy, skyggekast, iskast og infralyd, vekkar heller ikkje bulyst og neppe tilflytting. Erfaring frå vindkraftanlegg, syner at eigedommane nær anlegga tapar verdiane sine. I samfunnsdelen og planstrategien står det at «Fjaler kommune skal sikre ei berekraftig forvaltning av naturressursane og ivareta viktige natur- og kulturlandskap». Utmarksområda og fjellområda er inngrepsfri natur, med store myrområda som lagrar karbon. Det vil difor ikkje vere berekraftig forvaltning å bygge vindkraftanlegg i desse områda. Dei siste store inngrepsfrie naturområde (INON-område) i Fjaler, ligg her også. I samfunnsdelen står det at desse skal kartleggast i arealdelen.</p> <p>Omsynssone friluftsliv Nord og sør for Hovlandsdalsvatnet, og sjølve Hovlandsdalvatnet, har fått omsynssone friluftsliv. Det er særst positivt, fordi desse områda er mykje brukt og den einaste nær-naturen menneskja i dette området har. Fjellområda i Fjaler grensar til kommunane Hyllestad, Høyanger og Sunnfjord, som også var negative til vindkraft i samband med Forslag til nasjonal ramme for vindkraft. Høyanger kommune, som held på å revidere kommuneplanen sin, har tatt inn i samfunnsdelen sin at «Høyanger kommune skal sikre landskap, naturmangfald og miljø, og ønskjer ikkje vindkraftutbygging i kommunen». Ei liknande formulering kan Fjaler kommune ta inn i arealdelen sin. Kommunestyret har allereie vedteke 17.06.2019 i samband med Forslag til nasjonal ramme for vindkraft, at områda ikkje er eigna for vindkraft. Det har dei heilt rett i. Motstand mot vindkraft bør difor takast inn i arealdelen.</p>	
	Guddalen Grendalag	<p>Grendamøte, folkemøte og samfunnsdel som grunnlag for tydeleg motstand mot vindkraft i arealdelen I samband med Forslag til nasjonal ramme for vindkraft, hadde Guddal grendelag eit grendamøte 19.09.2019, der det vart vedteke å gå imot all form for vindkraftutbygging i vårt område. Grendalaget lagde også ein uttale mot vindkraft til forslag til nasjonal ramme. Som de kan lese i uttalen, er vindkraftanlegg særst konfliktfullt i våre område. Det er stor lokal motstand mot vindkraft. På folkemøte i Guddal mars 2019 i samband med arealplanen, kom det innspel om at det bør stå i planen at det ikkje skal byggjast vindkraft i Fjaler. Men, innspelet er ikkje nemnd i arealdelen. I samfunnsdelen og planstrategien 2020-2024 står det at «Fjaler kommune skal vere ein god og trygg plass å bu med fokus på folkehelse og gode oppvekstvilkår». Det står også at «Fjaler kommune</p>	Merknaden er delvis teke til etterretning, arealdelen opnar ikkje for noko vidare utbygging av vindkraft. Dette er tydeleg nok vist i kommuneplanens arealdel.

		<p>skal sikre ei berekraftig forvaltning av naturressursane og ivareta viktig natur- og kulturlandskap». Vindkraftanlegg er ikkje foreinleg med god folkehelse eller berekraftig forvaltning av natur. Med grunnlag i lokal motstand mot vindkraft, samfunnsdelen og planstrategien, ber grendalaget om at det skal stå tydeleg i arealdelen at det ikkje skal byggast vindkraft i vårt område. Kommunestyret vedtok dessutan samrøystes den 17.06.2019, at Fjaler er ueigna for vindkraft. Det er vi samde i.</p>	
	Guddalen Beitelag	<p>I Guddal er det gode beiteressursar i utmarka og i fjellet. Utmarka og fjellområda våre er kuperte, med dalar og fjell. Vindkraftanlegg inneberer store naturinngrep. Eventuelle vindkraftanlegg i utmarka og fjellområde våre, vil gje store forringingar av beiteområda. Beitemønster kan verte endra som fylgje av naturinngrepa. Vegar, skjeringar og fyllingar kan gjere at nokon beiteområde vert avskore og utilgjengeleg for dyra. Avfall frå vindkraftanlegga kan verte spreidd i naturen, som dyra seinare et. Dette kan gjere dei sjuke og/eller avfallet kan verte tatt opp vidare i næringskjeda.</p> <p>I samfunnsplanen til Fjaler kommune står det at "Fjaler kommune vil medverke til at landbruksproduksjonen vert oppretthalden innafor dei nasjonale økonomiske rammer og i høve til dei klimatiske tilhøva som Fjalerlandbruket har». Tilgang på gode utmarksbeite og fjellbeite, er avgjerande for at vi skal kunne drive landbruk med husdyrproduksjon i framtida. For å klare å oppretthalde landbruksproduksjonen i Fjaler, kan det ikkje byggjast vindkraftanlegg i utmarksareala og fjellområda. Difor bør det skrivast tydeleg i arealplanen, at det ikkje skal byggjast vindkraftanlegg i utmarka og fjellområde våre.</p>	<p>Merknaden er delvis teke til etterretning, arealdelen opnar ikkje for noko vidare utbygging av vindkraft. Dette er tydeleg nok vist i kommuneplanens arealdel.</p>
Fritid og turisme	Tone Undertun på vegne av reiselivsaktørar i Fjaler	<p>Generelt vurderer ein kommunen sitt potensiale i høve turisme til å ha ein nær samanheng med fjord og sjøbaserte aktivitetar som t.d. fiske, båtutrusting, vatnsport, opplevingsturar til sjøs m.m.. I tillegg er det stort potensiale til landbaserte opplevingar knytt til fotturar, sykling, kulturminne / historiske attraksjonar og matopplevingar.</p> <p>Det bør vere eit overordna mål å skape ei bærekraftig reiselivsutvikling der reiseliv og kommune samarbeider om å sikre at Fjaler kommune for alltid vil vere eit attraktivt kyst- og fjordrike for både vitjande og lokalsamfunn. Alle som vitjar Fjaler kommune skal møte eit ekte og levande lokalsamfunn med rein natur og berikande opplevingar. Dette skal vi jobbe for gjennom prioriterte tiltak for å utvikle oss til å bli eit stadig meir bærekraftig reisemål. Det inneber bl.a. miljøsertifisering av kommunen som organisasjon, privat næringsliv og arrangement.</p> <p>Trendane innan reiseliv peiker i retning av meir bærekraftige opplevingar. Både aktivitetar i naturen som t.d. fotturar og sykling, men også oppleving av lokal kultur og historie kombinert med lokale matopplevingar. Meir bærekraftige opplevingar betyr også lenger opphald på kvar destinasjon, noko som krev eit mangfald av tilrettelagte opplevingar på destinasjonen. Det er også ein trend som peiker i retning auka interesse for destinasjonar</p>	<p>Merknaden er teke til orientering. Jakob sande-tunet, Dale sentrum og badevika er ikkje regulert gjennom kommuneplanens arealdel og må handterast i kommunedelplan for Dale eller ved reguleringsplan for områda. Tiltaka som er nemnd i innspelet for desse område bør også spelast inn til kulturleiinga i kommunen.</p>

		<p>utanfor dei store turiststraumane, der motivasjonen er å oppleve noko unikt og der god plass og lite trengsel vert verdsatt høgt.</p> <p>Dei siste åra har etterspurnaden etter unike opplevingar som t.d. overnatting i «birdbox» o.l., flytande badstuer («wellness») auka. For kysten ligg det eit potensiale for å oppnå målet om heilårsdrift for turistbedrifter i oppleving av vind og vør («stormwatching»).</p> <p>Dette forutset tilrettelegging av utsiktspunkt og turstiar ved sjøen. «Stormwatching- box» nær sjøen, både som utkikkspunkt, men evt. også for overnatting med spektakulær utsikt kan skape unike fyrstårnprodukt langs kysten tilsvarande tretoppfytter i andre område.</p> <p>For å auke verdiskapinga knytt til turisme er det behov for meir overnattingskapasitet knytt til varme senger i ulike kategoriar. Unytta sjøhus, våningshus o.l. i tettbebygde strøk kan bli attraktive overnattingstilbod. Det er ei føremon med ein viss konsentrasjon av fasilitetar for både overnatting, servering, servicetilbod og opplevingar, då dette både aukar attraktiviteten til lokale reisemål og legg mindre press i forhold til trafikk / forflytting m.m.. Det er difor viktig å ta høgde for arealbruk også i tettbygde område, til både ny overnattingskapasitet og tilrettelegging av aktivitetar og opplevingar både på land og på sjøen.</p> <p>Dei siste åra har det vore ein markert auke i tal turistar i sommarsesongen i Fjaler kommune, ein vekst som vi forventer vil fortsette. For nokre område har tidvis presset av tal besøkande utfordra infrastrukturen med tanke på både kapasitet på parkering, veg, kaier, avfallsløysingar, toalettfasilitetar, elbil-lading og informasjon til dei vitjande. Det er ein auke i tal reisande med bubil / campingvogn, og sentrumsnære fasilitetar for desse er etterspurt.</p> <p>Det bør planleggast for vekst i tal tilreisande, i tillegg til vekst i bruk av naturen frå fastbuande. Slik kan ein unngå både auka slitasje i naturen, forsøpling, vilkårleg parkering og evt. brukarkonflikter. Ved å planlegge for at særleg attraktive stadar tilretteleggast godt og vert gjort betre tilgjengeleg kan ein kanalisere bruken av naturen og fordele trafikk og belastning.</p> <p>VIKTIGE TURISTOMRÅDE OG FRILUFTSOMRÅDE I FJALER</p> <p>1. JAKOB SANDE-TUNET</p> <p>Jakob Sande-tunet er i utvikling både innholdsmessig og med eigne planar for uteområdet. Jakob Sande-senteret er under oppbygging og tilbyr både seminarar, akademi, litteratursalongar, festkveldar og ope forteljehus og bokhandel kvar veke.</p> <p>Det er stort utviklingspotensiale når det gjeld skilting til tunet slik at enno fleire tilreisande kan finne fram på eiga hand.</p> <p>Prioriterte tiltak infrastruktur:</p>	<p>Søknad om skilting for verksemdar langs fylkesveg må gjerast av verksemdene sjølv. Verksemdene sjølv må ordne med nødvendig infrastruktur, og må søkje kommunen om dei einskilde tiltaka.</p>
--	--	---	--

		<p>- skilting frå Dalstunet og bort til Jakob Sande-senteret. Skilting frå t.d. vesle Daniel. - skilting utanfor inngangsporten til tunet, ved gamle skulehuset.</p> <p>2. DALE SENTRUM OG BADEVIKA Prioriterte tiltak infrastruktur: - sentrumsnær campingplass - kai og tilrettelegging i ytre badevika - badstu i Badevika, enten på land eller flytande</p> <p>3. FLEKKE- OG GUDDALSVASSDRAGET Flekke og guddalsvassdraget har ein lakseførende del opp til Harefossen. Ovanfor er det fiskerikt med både Aure og røye. Fjaler har godt innlandsfiske i tillegg til sjøfiske. Finst og kulturminne i Guddal på kyrkjegarden Yndestad Gard ligg i bygda Guddal -campingplass - overnatting utleige av rom - kafe/gardsbutikk -kurs/konferanse/ arrangement - jakt, fiske og merka turstiar Prioriterte tiltak infrastruktur: Skilting i Dale, Flekke, Tysse og på Hellevik.</p> <p>4. TYSSE Kommunen må snarast setje igang ein prosess for å få laga ein kommunedelplan, evt ein reguleringsplan for Tysse, der vern og sikring av kulturminna er hovudmålet. Prioriterte tiltak infrastruktur: - skilting til Tysse/Lillingstonheimen/Jensbua i krysset i Flekke og på Hellevik, i tillegg til i krysset på Tysse. Så bør det skiltast betre til Fredensborg frå Jensbua - Parkering: Det er trong for fleire (offentlege) parkeringsplassar ved Jensbua Kystkultursenter.</p> <p>5. HELLEVIK Kulturlandskap på Hellevik (Hellevik gard) og kystkulturminnet Nilsbua på Hellevik kai manglar omtale av i arealplanen. Det må vere samsvar mellom kommunens kulturminneplan og arealplanens omtale av kulturminner.</p>	
--	--	--	--

		<p>Kommunen må snarleg igangsetje ein prosess for å lage ein kommunedelplan, evt ein reguleringsplan for Hellevik, der vern og sikring av kulturlandskap og kulturminne eks Nilsbua, Hellevik gard, gruvene i Sjørdalen, er hovudmålet.</p> <p>Prioriterte tiltak infrastruktur:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Auke/utvide straumkapasitet på trafo på Hellevik - HASTAR - Skilting til Hellevik/Nilsbua/Leonards Forlaavelse i Dale, krysset i Flekke, krysset på Tysse og på Hellevik, samt (skilttavle) ved Nærbutikken Hellevik. - Parkering: Fleire offentlege parkeringsplassar ved nærbutikken Hellevik og offentleg parkering ved badestranda i Ura <p>o Ved badestranda er det også behov for offentleg toalett og bossdunkar</p> <ul style="list-style-type: none"> - Flyte-/badebrygge, småbåthavn i vika ved Nilsbua/Hellevik kai. <p>6. LEONARDS FORLAAVELSE, Hellevik</p> <p>Prioriterte tiltak infrastruktur:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Reetablere kai/brygge for tilkomst til verksemda sjøveien <p>7. LAMMETUN, kystfort, camping m.m.</p> <p>Prioriterte tiltak infrastruktur:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Skilting i Dale, Flekke, Tysse, Hellevik, Sjørbøvåg <p>8. KORSSUND</p> <p>Prioriterte tiltak infrastruktur:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Skilting <p>9. EININGSFJELLET</p> <p>10. DAGSTURHYTTA</p> <p>Prioriterte tiltak infrastruktur:</p> <ul style="list-style-type: none"> – parkering og stiuetbetring i starten 	
Bygging på dyrka areal og innmarksbeite	Fjaler og Hyllestad Bondelag	<p>Fjaler og Hyllestad Bondelag vil komme med nokre innspel i samband med høyring av arealplanen. Vi ser det som veldig positivt at dette arbeidet vert fullført og ein får ein nyare plan å halde seg til. Bondelaget har stor forståing for at det må takast i bruk areal til nye bustader i kommunen. Det må gjerast meir enkelt i framtida å kunne få byggje nye bustader i mellom anna i 100 metersbeltet mot sjø og vassdrag, særskilt som spreitt busetting. Det som er viktig er at bustadane vert oppført i områder der det ikkje vert konflikt med jordbruksinteresser. Ved bygging av nytt hus i samband med generasjonsskifte på gardsbruk er det oftast stor forståing for ordinær jordbruksdrift og</p>	<p>Merknad er tatt til orientering og delvis tatt til følgje.</p> <p>SPB22 er tatt ut av arealdel. Eksisterande bustadar i tunet er inkludert i bustadområdet, men det er ikkje lagt opp til utviding på</p>

		<p>husdyrhald. Utviding av eksisterande bustadfelt og oppretting av nye felt attmed dyrka areal og beite vil ofte verte meir konfliktfylt.</p> <p>Vi ser at det i Flekke er føreslått eit nytt område for bustader B22 som også går over dyrka areal. Det er i tillegg også opna for spreitt busetnad i området SPB22 over dyrka areal og innmarksbeite. Bondelaget kan ikkje forstå at det skal vere naudsynt å ta i bruk dyrka areal til bustadfelt. Dersom dette vert resultatet vet det svært vanskeleg å drive det dyrka arealet som vert inneklemt mellom alle bustadane. Vi veit at ved gjødsling med husdyrgjødsel vil det føre til lukt og kanskje avdrift med vind. Dette vil føre til konflikt og gjere normal drift av den dyrka jorda vanskelegare. På sikt kan dette føre til at arealet vert vanskelegare å drifte og kan i verste tilfelle gå ut av drift. Ved neste utviding av bustadfeltet vil dette arealet dermed vere lettare å nytte for ei vidare bustadutbygging. Vi ser det same for areal B23 der det er tatt av dyrka areal og driftsveg til bustadføremål. Det er og opna for spreitt busetting i området SPB20 som vil og gje same utfordringar i eit innmarksbeite.</p> <p>I Norge er berre tre prosent av total arealet som er dyrka areal eller nytta til innmarksbeite. Dermed har ein resisterandes areal på 97 prosent til å byggje bustadar og andre ting på.</p> <p>Bondelaget meiner det er mykje areal i Flekke som er like godt og betre eigna til bustadbygging enn dyrka areal. Dagens bustadfelt kan utvidast og fortettast vidare mot B21. Samstundes kan det og vere aktuelt å utvide det mot Kletten. Område B23 vil vere naturleg å utvide mot dagens hus nr 736 og 738 som ikkje går over dyrka areal. Etter det vi forstår har det tidlegare vore ynskje om å byggje bustader i området med skulen og driftsbygningen til Hallvard Håland. I det området er det og dyrka areal, men det er eit mykje meir tungdreve areal enn dei føreslåtte areal. Hauglandsvegen vil vere avgrensing mot anna dyrka areal og sjøen på motsatt side og dermed mindre grunnlag for konflikt. Det er og meir areal frå skulen mot Haugland avgrensa mot hauglandsvegen som ikkje er dyrka og ikkje brukt til noko anna og vil vere godt eigna for bustader. Det er i dag allereie eksisterande bustader i det aktuelle området. Vi er kjent med at det er avgensingar for bygging i 100 meters beltet, men det er fullt mogleg å legge til rette for det dersom ein ynskjer det.</p> <p>Ved ein rask gjennomlesing av tidlegare innkomne kommentarar ser vi at dersom myr vert funne og omtalt vert aktuelt areal tatt ut for utbygging omgåande. Vern av myrjord er viktigare enn å ta vare på dagens dyrka areal framstår som svært rart for oss i bondelaget. Vi ser litt dei same haldningane i 100 meters beltet, men der er det moglegheiter dersom ein ynskjer det og legg til rette for det. Bondelaget ha nytta dei føreslåtte areala i Flekke som døme på kva vi meiner om bruk av dyrka areal og innmarksbeite til anna føremål. Vår</p>	<p>det som var SPB22. Områda omtalt som B22 (no B24) og B23 (no B25) er tatt med vidare i 4 gongs høyring i arealdel. Det er krav om detaljregulering for begge områda, som medfører krav om ei heilskapleg vurdering av området. Tilhøve til landbruk og andre eventuelle konfliktområde må vurderast nærmare i dette arbeidet.</p> <p>Det er vist stor etterspurnad for bustadområde i Flekke. Desse områda er vurdert som alternativ for vidare utvikling. B22 (no B24) vil knyte saman eksisterande byggjefelt med eksisterande bustadar på andre sida av feltet. Feltet vil vidare vere i nærleik til skule, barnehage og butikk. Område SPB20 (no SPB21) og B21 (no B23) som vist til er òg tatt med vidare i ny arealdel.</p>
--	--	--	--

		haldning generelt for resten av kommunen er den same. Vi vil på det sterkaste oppfordre Fjaler kommune til å ikkje omdisponere dyrka jord og innmarksbeite til anna føremål for heile kommunen.	
Næringsareal	Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane	Vi har ved mange høver erfart at sidan naturareal tilnærma er gratis, så spelar mange næringsaktørar inn større områder enn det reelle behovet. Vi ber generelt kommunen om å vere restriktive i arealbruken og sikre arealeffektiv bruk av eksisterande industri- og næringsareal. I fråvær av ein nasjonal industristrategi så ligg det til kommunen å vurdere nøye ut frå areal- og energibruk, arbeidsplassar og verdiskaping for kvart einskild tiltak. Ei berekraftig framtid og ei attraktiv kommune er berre mogleg dersom ein seier nei til einskilde etableringar. Kontorfellesskap. Covid-19 pandemien har vist oss at desentralisering av arbeidsplassar er mogleg. Fjaler kan dra nytte av denne trenden, og kommunen bør gå gjennom og sjekke at det i planen ligg til rette for etablering av kontorfellesskap / næringshagar i alle bygder av ein viss storleik. Helst ved gjenbruk av eksisterande bygningsmasse. Dette vil legge til rette for kort reiseveg til arbeid, gje ny attraktivitet til tettstadane i kommunen, og vil bygge opp om klimamåla i planen med redusert biltrafikk.	Merknaden er teke til orientering. Det er vanskeleg å setje av enkeltområder i kvar bygd som kan nyttast til kontorfellesskap. Vi er positive til prinsipp om kontorfellesskap, men dette må løysast i einskildsaker.
Areal for bustad og hytter	Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane	Av tidsmessige årsakar har vi diverre ikkje hatt høve til å sjå i detalj på nye og utvida bustadfelt. Vi støttar den overordna strategien om å ville konsentrere bustadbygging kring bygdeseentrum, og gjere desse mindre bilavhengige. Ein kunne med fordel vert meir restriktive kring terrenginngrep i føresegnene ved opparbeiding av bustadtomter. Mikrohus. Vi vil oppmode kommunen til å legge inn regulering av egna tomter / områder til mikrohus utan permanente terrenginngrep. Dette er ein stadig meir populær buform, særleg blant yngre som vil leve med eit lågare natur- og klimaavtrykk. Etter plan- og bygningslova så er det vanskeleg for folk som ynskjer å etablere slike mikrohus å gjere dette i dag, då det vert rekna som ein permanent bustad som både krev eiga tomt, regulering og byggeløyve. Sjølv om Fjaler ikkje er eit pressområde, så er bustadprisane for nybygg i dag så høge at mange ikkje evnar å kome inn på marknaden, medan ein på leigemarknaden har lite attraktive bustadar tilgjengeleg.	Merknaden er teke til orientering. Dette er framleis ikkje særleg vanleg og bør difor løysast i einskildsaker.

Guddal

Merknader til planføremåla

Planføremål	Avsendar	Merknad/innspeil	Kommunedirektøren si vurdering
Generelt	Guddalen grendalag	Fjaler kommune bør legge til rette for utvikling av heile Fjaler Guddal er ei langstrakt landbruksbygd med mange gode kvalitetar. I tillegg til aktivt jordbruk, har vi	Merknaden er ikkje teke til etterretning. Fjaler kommune må

		<p>entreprenørverksemd, turisme og hytteutleige. Store delar av Guddal er sett av til landbruk-, natur- og friluftsføremål (LNF-føremål). I samfunnsdelen vedtatt 2014 står det at kommunen har mål om auka folkevekst. For å få til det, må Fjaler kommune legge til rette for utvikling av heile kommunen. Det må vere mogleg å byggje bustadhus også i LNF-område. Fjaler kommune kan også bidra til å auke attraktiviteten for meir busetnad, med infrastruktur som tilfredsstillande fiber og skysstilbod.</p> <p>Natur og nærleik til natur er viktig for primærnæringa, folkehelse, bulyst, og reiseliv</p> <p>Naturen er livsgrunnlaget vårt. Fjaler kommune må difor prioritere å ivareta natur- og kulturmiljø, som grunnlag for primærnæringane og reiselivsnæring. God tilgang på urørt natur og kortreiste friluftsområde, er ein føresetnad for å sikre tilflytting og bulyst. Vi er positive til at fjellområda rundt Guddal har fått omsynssone friluftsliv. Korona-pandemien har gjort at kvalitetar som Fjaler kommune har mykje av, har fått ein høgare verdi for framtida. Dette er slik som små og oversiktlege miljø, natur og lett tilgjengeleg nærnatur, produksjon av rein mat og viktige råvarer. Rein natur vil auke i verdi i framtida. Fjaler kommune kan styrke seg, gjennom vektlegging av og ivaretaking av naturverdiane både på fjellet, vassdraget og kulturlandskapet.</p>	følgje nasjonale retningslinjer, så det er difor vanskeleg å legge til rette for spreidd bustadbygging i eit svært stort område. I Guddalen er det lagt opp til strategi der bustadbygging må løysast i einskildsaker gjennom dispensasjon.
FT60	Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane	Sjølv om hytter til utleigeføremål er betre utnytting av areal enn til sjølveigarhytter, så kjem det tydeleg fram av KU at tiltaket er for konfliktfylt med viktige naturverdiar til at kommunen burde gå vidare med ei slik regulering. Vi ber om at ein heller ser på utleigehytter i samband med utvikling av Engja som bygdesentrum.	Merknaden er teke til orientering. Ein slik arealendring må det komme konkret innspel på.
O_BOP62	Guddalen grendalag	Skulen og uteområdet er i dag sett av til LNF-føremål, men har føreslått arealføremål offentleg eller privat tenesteyting. Vi er positive til at arealføremålet vert endra. Treningsrommet er aktivt brukt, og grendahuset vert elles nytta til ulike arrangement. Vi ber om at Fjaler kommune ser potensialet som ligg i skulebygget. Skulebygget kan til dømes nyttast til desentralisert kontor, kulturhus, men også framtidig barnehage eller skule, viss det skulle vere trong for det i framtida. Kva behov grenda har for skulehuset og grendadelen, har vi planlagt å få innspel om på komande årsmøte i grendalaget.	Merknaden er teke til orientering.

Merknadar til reguleringsplan

Reguleringsplan	Avsendar	Merknad/innspel	Kommunedirektøren si vurdering
Steinseth/ Indrevatnet	Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane	Området gjeld gr/br: 118/2, og vart regulert til hyttefelt i 2011. Reguleringsplanen er laga etter privat initiativ, og då gjeld ein særregel i plan- og bygningslova §12-4: «Er bygge- og anleggstiltak som hjemles i plan fremmet med bakgrunn i privat reguleringsforslag etter § 12-11, ikke satt i gang senest ti år etter at planen er vedtatt, skal kommunen før avgjørelse av byggesøknad for nye utbyggingsområder	Merknaden er teke til etterretning, Reguleringsplanen vert føreslått oppheva og lagt inn som LNF-område.

		<p><i>etter planen, påse at planen i nødvendig grad er oppdatert. Tiltakshaver er ansvarlig for å skaffe nødvendige opplysninger og dokumentasjon for kommunens vurdering.»</i></p> <p>Kommunen bør difor i denne rulleringa av planen, ta ut området. I åra som har gått, så har den private utviklaren ikkje synt initiativ til å faktisk ville utvikle hyttefeltet. Dersom ei vidareføring skal vere aktuelt, må det først hentast inn ny oppdatert og relevant kunnskap.</p> <p>Sidan reguleringa i 2011 så har krava til konsekvensutgreiingar blitt strengare, og formaningane frå både statleg hald og FN om å unngå naturtap blitt sterkare. Området er for det meste myr, og sjølv ei skånsom utbygging vil då medføre vesentlege klimautslepp og stor terrengskade. Forvaltningspraksisen for myr er òg langt strengare no enn i 2011, til dømes er det plikt til å tallfeste utsleppsmengde av klimagassar.</p> <p>Med unntak av ein veg, så er heile området mellom Guddalen i Fjaler, og Sygna i Sunnfjord eit naturområde med urørt preg. Slike områder utan vesentlege tekniske inngrep blir stadig sjeldnare, og vi meiner at eit hyttefelt her i eit område som framstår så urørt i dag vil vere særst uheldig. Det framgår ikkje frå konsekvensutgreiinga for over 10 år sidan at ein har sett arealet i ein vidare samanheng med naturområda rundt, eller at det har vore faktisk kartlegging av naturmangfald i felt. At det har vore søkt i Naturbase etter registreringar er ikkje det same som ei skikkeleg kartlegging, det er mange «blanke felt» i Naturbase som aldri har vore kartlagt etter moderne kartleggingsmetodar.</p> <p>Det er klart av lova og lang rettspraksis at kommunen ikkje har erstatningsplikt ovanfor grunneigar / utbygger ved omregulering når det ikkje er snakk om påbegynt eller pågåande verksemd.</p> <p>Slike private hyttefelt utan nær tilknytning til bygder og tettstadar gjev lite tilbake til kommunen. Vi meiner at kommunen heller bør avgrense hyttebygging til eksisterande felt, der dei vil ha større nytteverdi for lokalsamfunna. Ein vil forøvrig oppmodne til å prioritere hytter og overnattingstadar til utleige, då ein her både vil ha større utnytting av kapasitet og fleire positive synergieffektar for lokalt næringsliv.</p>	
Kyraneset	Roger Saugestad og Oddny Marie Sagerøy	<p>I Mars2021 ble det søkt om utlegg av flytebrygge med tilhørende dispensasjonsøknad fra BPL §1-8 på GBNR 234/21 i Fjaler kommune (Deres ref 21/284). Søknad om dispensasjon fikk avslag, med bakgrunn i at vilkårene for dispensasjon ikke var til stede. Det går fram av siste avsnitt i sakutgreiinga at; [Fjaler kommune har planarbeidet for arealdelen av kommuneplan truleg klar i løpet av året. Og har tatt innspelet om utviding av område for småbåtanlegg</p>	<p>Merknaden er teke til følge, men tiltaksområde er ein del av eit større område med plankrav.</p>


		<p>vidare. Lokalisering av felles flytebrygge/småbåtanlegg må vurderast på overordna plannivå]. Min forståelse av denne teksten er at innspillet var tatt med videre i planarbeidet og at det ikke var behov for å selv melde inn ønske til kommuneplanens arealdel om småbåthavn i aktuelt område. Ved gjennomgang av «Kommuneplanens arealdel 2022-2034 –3 gangs høyring» på kommunekart.com, ser jeg at det ikke er kommet med forslag om småbåthavn i omsøkte område, ref kartutsnitt under. Vil med dette å melde inn ønske om at det settes av et område til småbåthavn i Snekevågen som illustrert på kartutsnitt og flyfoto under.</p>	
--	--	--	--

Flekk

Merknader til planføremåla


Planføremål	Avsendar	Merknad/innspel	Kommunedirektøren si vurdering
Flekk sentrum	Geir Loneland & Amalie Haugsbø Harald Ness & Kjersti Reggestad Anders Haaland & Anne Nikoline Bakkebø Marte Haugsbakk & Adrian Solheim Hansen Vegard Dyrstad & Sandra Sjørebø Øystein Haaland & Lone Indrebø Lægreid Ida Okstad Vie & Per Lønning Kallevik Alexander Myklebust & Eivor Flekke Einar Aase & Sara Dyrstad	<p>Arbeidsgruppa har utarbeida konkrete forslag til korleis ein kan imøtekomme behova til dei som er i arbeidsgruppa. Dette er område der alle deltakarane i gruppa kan tenkje seg å busetje seg i, samstundes som ein har grunneigarar som ynskjer å legge til rette for bustadbygging. Vi ser at ein mogelegvis må ofre andre område for å få til desse området. Sjå vedlegg for meir detaljar.</p> <p>Vi ynskjer å presisere at med våre forslag vil planen vil imøtekomme behova på kort sikt, for dei som er klar til å bygge no, men på lengre sikt meiner vi at planen er altfor lite ambisiøs og at den ikkje løyser tomtesituasjonen i Flekke. Vi håpar at kommunen legg opp til rullering av planen minst kvart 4. år slik at ein kan justere planen til å imøtekomme framtidige behov. (resten av innspelet er fordelt på dei aktuelle områda)</p>	<p>Merknaden er teke til orientering. Frekvens på rullering av arealdelen er politisk bestemt gjennom planstrategi.</p>

	Arne Skaar Fismen & Myrtle Ingrid Skaar Fismen Ola Furnes Ness & Idunn Amalie Sandemose		
B22	Arbeidsgruppa i Flekke	<p>Ynsker å fjerne del av B22</p> <p>Fordelar:</p> <ul style="list-style-type: none"> •Naturleg og attraktiv forlenging av Flekkebustadfelt. •Solrikt, lunt, forholdsvis flatt område og enkel tilgang på kommunal infrastruktur. •Positive grunneigarar som ynskjer å samarbeide om å få til noko i området. •Lite ofring av dyrkamark (ca. 3,5 da), og eit innmarksbeite som ikkje har vore i bruk på 15 år •Det er søkt om å rive ein steingard og sprengje vekk nokre knausar andre stadar på bøen, dette området vil kunne kompensere for det ein ofrar ifb. Tomtar her. •Alternativet er at dersom ein tek ut SPB22 vil areal dyrka mark som går med i Flekke vere uendra samanlikna med framlegget til administrasjonen. •Kort og tryggveg til skule, barnehage, butikk og grøntareal. Legg i størregrad opp til å gå og sykle i forhold tilområdaSPB20 ogB21. •Naturleg og trygg veg frå Flekkebustadfeltmot Gamle Postvegen, eit mykje brukt turareal. •Moglegheit for å sette av eit område til grøntareal der ein på sikt kan opparbeide felles leikeplass og tilrettelegge for ein sosial samlingsplass, bade privat og for barnehage/skule. •I dette området er det per no fem familiar som kan tenke seg å busetje seg i. Dette kan potensielt føre til 15-20 nye Flekkingar om ein tek utgangspunkt i ein gjennomsnittleg familie. Dette argumentet bør vege svært tungt. <p>Konsekvensar:</p> <ul style="list-style-type: none"> •Omsynssonefriluftsområde(H530). •Ligg i dag inne som forslag til omsynssone for friluftsliv. Det er tidlegare spelt inn at det er område kring skulen som vert nytta som friluftssareal i Flekke. Der er det bygd gapahuk som vert brukt både sommar og vinter. Området i Mikkelbakkane 	Merknaden vert delvis teke til følgje. Områda er justert.

		<p>som i dag vert bruk til aking og skileik, vil framleis vere tilgjengeleg og vil ikkje verta råka i særleg grad. Ein kan legge opp til friområde gjennom planarbeid.</p>	
	Fjaler og Hyllestad Bondelag	<p>Vi ser at det i Flekke er føreslått eit nytt område for bustader B22 som også går over dyrka areal. Det er i tillegg også opna for spreitt busetnad i området SPB22 over dyrka areal og innmarksbeite. Bondelaget kan ikkje forstå at det skal vere naudsynt å ta i bruk dyrka areal til bustadfelt. Dersom dette vert resultatet vet det svært vanskeleg å drive det dyrka arealet som vert inneklemt mellom alle bustadane. Vi veit at ved gjødsling med husdyrgjødsel vil det føre til lukt og kanskje avdrift med vind. Dette vil føre til konflikt og gjere normal drift av den dyrka jorda vanskelegare. På sikt kan dette føre til at arealet vert vanskelegare å drifte og kan i verste tilfelle gå ut av drift. Ved neste utviding av bustadfeltet vil dette arealet dermed vere lettare å nytte for ei vidare bustadutbygging.</p>	<p>Merknaden er delvis teke til følgje. Områda er justert.</p>
BKB20	Arbeidsgruppa Flekke	 <p>Det er viktig å få med areal til fortetting i eit bygde sentrum, der ein legg til rette for både bustadar, leilegheiter og næring.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Bidreg til fortetting i eit område som i samfunnsdelen er definert som eit bygdesentrum. • Attraktive bustadar i kort avstand til butikk og skule. Dette legg i stor grad opp til gåing og sykling. 	<p>Merknaden vert ikkje teke til følgje. Området er del av sentrumsområde som tildegare var konsekvensutgreidd og vurdert ikkje teke med.</p>

		<ul style="list-style-type: none"> •Område der det er naturleg å legge til rette for leilegheiter og eldrebustadar. Dette kan på sikt frigjere bustadar i byggefeltet. Dette er noko som administrasjonen sitt framleg tek omsyn til. •Kan legge til rette for næring/kontor. Tilgang på sentrumsnære kontorplassar vil gjere Flekke til ein attraktiv stad å bu. Utanom butikken, er det ikkje lagt opp til noko næring i Flekke sentrum slik planen føreligg no. •Vi meiner at ein kan løyse dette området og samstundes ivareta landbruksinteressene i området. 	
SPB22	Arbeidsgruppa i Flekke	<p>Ynskjer å fjerne området dersom det må til for å behalde område B22.</p> <p>Området ligg inne med 3 tomtar i plan, der 1 er godkjent på dispensasjon</p> <p>•Fordelar:</p> <ul style="list-style-type: none"> •Kort veg til skule og butikk •Solrikt •Forhaldsvis enkle tomtar å opparbeide •Ikkje behov for reguleringsplan <p>•Ulemper:</p> <ul style="list-style-type: none"> •Mykje dyrka mark må ofrast for få tomtar •Privat vegtilkomst •Ein av tomtane vil komme i eit søkk midt inne i gardstun •Behov for privat infrastruktur (fiber, straum, vatn og avløp) •Tilkopling på kommunalt avløp vil krevje at ein grev ei lang grøft frå tomt og ned til kårhus på gnr/bnr92/2 •Vil i større grad enn Øvre Mikkalbakkane føre til driftsulempar for jordbruket. Tilkomsten til den dyrka marka går i dag via dette området, og fleire bustadar her kan auke konfliktnivået. •Det går i dag eksisterande infrastruktur over området som er foreslått, noko som vil krevje at ein legg om den. 	Merknaden er delvis teke til følgje. Delar av området er fjerna og lagt til bustadområde med plankrav.
SPB20	Arbeidsgruppa i Flekke	<p>Ynskjer å fjerne området dersom det må til for å behalde område B22.</p> <p>Området ligg inne med 6 tomtar i plan, der 1 allereie er godkjent på dispensasjon</p> <p>•Fordelar</p>	Merknaden er ikkje teke til følgje. Området vert vidareført slik det ligg.

		<ul style="list-style-type: none"> •Solrikt •Ikkje behov for reguleringsplan •Ulemper •Lang og smal skuleveg med ein god del trafikk utan gatelys (veg til offentleg skytebane). •Vil i større grad legge til rette for trafikk enn dei andre områda på grunn av avstand •Den kommunale vegen er stadvis i dårleg stand og svært bratt. Vegen opp den brattaste bakken har ei stigning på 16 %, noko som er dobbelt så mykje som tillattstigning i Statens vegvesen si handbok N100 . Uheldingå legge til rette for auka trafikk på ein veg som ikkje tilfredsstiller dagens krav til vegutforming •Støttar i minst grad måla i samfunnsdelen om fortetting i bygdesentruma av dei føreslåtteområda •Må leggast opp infrastruktur med fiber, vatn og kloakk •Privat vegtilkomst •Delar av området blir pr. Dags dato brukt til beite for dyr 	
	Fjaler og Hyllestad bondelag	Det er og opna for spreitt busetting i området SPB20 som vil og gje same utfordringar i eit innmarksbeite.	Merknaden er ikkje teke til følgje.
B21	Arbeidsgruppa i Flekke	3 av 4 aktuelle tomtar(i fylgjearealplan) er tilhøyrande oppgjort dødsbu som fleire har forsøkt å kjøpe, både delar og heile eigedommen. Kan godt ligge sidan dette kan vereattraktive tomtar dersom ein får mogleg heit til å kjøpe.	Merknaden er teke til orientering. Området vert liggjande slik det er, med unntak av ei mindre arealjustering i høve skredfare.
GF21	Erik Vagstad, Hilde Igelkjøn, Peter Kåre Igelkjøn, Leiv Jørgen Løseth og Oddvar Igelkjøn	Ved sjøen ligg det eit sameige, gnr/bnr 93/13, der grunneigarane på gnr/bnr 93/1-5 eig 90% og gnr/bnr 94/1 eig 10%. I følgje planen ynskjer grunneigar på 94/1 at delar av sameiget skal nyttast i samband med turstien. At turstien vert realisert har vi ingen merknader til, men bruk av sameiget på 93/13 til dette er vi i mot. Grunneigar på 94/1 har så mykje areal på eigen eigedom at heile prosjektet bør leggast der - vi kan heller ikkje sjå at dette skal forringe prosjektet. Frå øvrige grunneigarar sin st&stad vil bruken av sameiget til tursti forringe dei verdiar som vert att. Den delen av prosjektet som omhandlar 93/ 13 må derfor takast ut av planen.	Merknaden er teke til følgje. Del av området som går inn på sameige vert fjerna.
	Jeif Jarle Espedal	Håpar ein kan justere litt på trasê for tursti. Området merka rødt på bildet under fjernast. Områda merka med grønt vert teke inn. Ved å ta inn desse områda kan ein bruke eksisterande traktorveg frå området for parkering,	Merknaden er teke delvis til følgje. Området er justert noko frå skildra innspel her. Det er vidare sett av areal til parkering og byggverk langs stien,

		<p>samt at høgdekurve vert flatare. Areal som går opp til kommunal veg vil gi tilkomst til om bru over elva ikkje blir realisert.</p> 	<p>innanfor arealføremål BKB og SP. Området har eigne føresegner i plan knytt til dei enkelte føremåla.</p>
B23	Fjaler og Hyllestad Bondelag	<p>Bondelaget kan ikkje forstå at det skal vere naudsynt å ta i bruk dyrka areal til bustadfelt. Dersom dette vert resultatet vet det svært vanskeleg å drive det dyrka arealet som vert inneklemt mellom alle bustadane. Vi veit at ved gjødsling med husdyrgjødsel vil det føre til lukt og kanskje avdrift med vind. Dette vil føre til konflikt og gjere normal drift av den dyrka jorda vanskelegare. På sikt kan dette føre til at arealet vert vanskelegare å drifte og kan i verste tilfelle gå ut av drift. Ved neste utviding av bustadfeltet vil dette arealet dermed vere lettare å nytte for ei vidare bustadutbygging. Vi ser det same for areal B23 der det er tatt av dyrka areal og driftsveg til bustadføremål.</p>	<p>Merknaden er ikkje teke til følge.</p>
Nytt bustadområde	Fjaler og Hyllestad Bondelag	<p>Etter det vi forstår har det tidlegare vore ynskje om å byggje bustader i området med skulen og driftsbygningen til Hallvard Håland. I det området er det og dyrka areal, men det er eit mykje meir tungdreve areal enn dei føreslåtte areal. Hauglandsvegen vil vere avgrensing mot anna dyrka areal og sjøen på motsatt side og dermed mindre grunnlag for konflikt. Det er og meir areal frå skulen mot Haugland avgrensa mot hauglandsvegen som ikkje er dyrka og ikkje brukt til noko anna og vil vere godt eigna for bustader. Det er i dag allereie eksisterande bustader i det aktuelle området. Vi er kjent med at det er avgrensingar for bygging i 100 meters beltet, men det er fullt mogleg å legge til rette for det dersom ein ynskjer det.</p>	<p>Området er ikkje vurdert eller teke inn. Området er som vist til i konflikt med landbruksinteresser og strandsone. Områda som er vidareført er B23, B24, B25 og SPB21.</p>

SH22	Flekkje båteigarlag	På denne eigedomen har det i tidlega re tider vore både tønnefabrikk og butikkdrift. Denne bedrifta var eigd av familien Systad og hadde også si bustadadresse her. Dette bygget vart totalskadd i brann i tidsrommet kring 2 verdskrig. Flekkje båteigarlag kjøpte grunnen av familien Systad kring 1990. Båteigarlaget ønskjer at det skal vere mogeleg å vidareutvikle denne tomten. I første omgang er det ønska å etablere båtopptrekk for småbåtar. Då er det trong for å utvide fargaareal i kartdelen slik at det vert mogeleg med tilkomst til sjø på nord/aust sida av tomten. Eit slikt båtopptrekk manglar lokalt i Flekkje og det vil også komme ålmenta til gode. Seinare byggsteg kan vere å bygge eit servicebygg i tilknytning til båteigarlaget. Dette bygget bør plasserast om lag som på dei gamle grunnmurane. Eksisterande grunnmur er målt til om lag 15x20m. Grunnmuren for underetasjen må byggast av materialer som tåler vatn, t.d. tørrmur eller betong, og vere rettelaagd for at stormflo kan stige inn i kjellarlokalet. Hovudetasjen bør innreiast med rom som møterom (klubblokale) toalett, kjøkken, osv. For å sikre finansiering av drift og kapitalkostnader for eit slikt bygg bør bygningen innreiast på slik måte at den t.d. bør kunne utleigast som korttids utleige til ferierande. Flekkje båteigarlag ber om at desse innspelane til kommunedelplanen sin arealdel vert tek omsyn til slik at vi kan få utvikle denne tomten.	Området er ikkje vurdert eller teke inn. Eksisterande båthamn er tatt inn i arealføremål «småbåthamn». Areal er redusert etter 3 gongs høyring etter merknad frå Statsforvaltaren i Vestland etter første høyringsperiode.
VA21	Norges naturvernforbund	Vi ber om at statusen til den nasjonale laksefjorden Dalsfjorden, med dei viktige laksevassdraga Flekkje- og Guddalsvassdraget og Gaularvassdraget vert respektert, særleg i lys av at villaksen no er raudlista. Hegnes-lokaliteten bør difor ikkje tillatast vidareført.	Merknaden er ikkje teke til følgje. Lokaliteten er konsekvensvurdert av fagkyndig kompetanse og på bakgrunn av vurderinga føreslått vidareført med tilleggsområde. Det er ikkje aktuelt med auke i biomasse, men ein opnar heller for fornying av driftsmetode og teknologi som vil gjere anlegget tryggare med omsyn til lakserømming.

Merknadar til reguleringsplan

Reguleringsplan	Avsendar	Merknad/innspel	Kommunedirektøren si vurdering
Løykjevika	Leif Jarle Espedal	Siste møte mellom Carlson og Fjaler kommune var for eit par år sidan. – og det blei då orientert om at det ikkje ville skje noko før ny arealplan var godkjent. Ved ikkje å kunne gjennomføre overdragelsen av tomtene «Gjelet» og «Pynten» til Carlson Eiendom AS, samt arrangere kai/molo ved sjøområde - vert underteikna	Merknaden er ikkje tatt til følgje. Reguleringsplan er føreslått oppheva. Eksisterande fritidsbustad er lagt inn i

		<p>sett i en vanskeleg økonomisk situasjon. Verdien av tomtene mellom sjø og veg utgjer en vesentleg verdi av tomteområdet – og bortfall av desse vil få store konsekvensar for underteikna.</p> <p>For å gjere Løykjavika representativt og klargjere tomtar for sal var det eit stort behov for å rydde området for skog og kratt. Arbeidet med dette har vore omfattande og tidkrevande, men tilskotet eg fekk til utsiktsrydding langs kommunal veg og veg til Løykjavika i 2018 har bidrege stort til at området har fått eit stort løft. Arbeidet med utsiktsrydding vart lagt merke til, og fleire interessentar har teke kontakt med tanke på kjøp av tomt både til hus og hytte. Fjaler kommune sitt utkast til arealplan som no blir lagt ut på 3. høyring har sett ein stoppar for all framdrift.</p> <p>På grunnlag av ovannemnde ber vi om at områda H1, H2, H3, H4 og NB som i gjeldande reguleringsplan er sett av til fritidsbebyggelse og kai/molo og fellesareal fortsett blir gjeldande.</p> <p>I dei to første høyringsrundane for arealplan har det ikkje vore endringar for Løykjavika. No i 3. høyring er det gjort store endringar. Kan ikkje sjå at det har vore endring i lovverk, retningslinjer, eller forskrifter som kan ligge til grunn for endringane som er utført no. Statsforvaltar har komme med merknader til Løykjavika etter 2. høyring, eg finn det merkeleg at statsforvaltar endrar sitt syn frå 1. til 2. høyring.</p> <p>I utkast til 3. høyring er areal nærmast sjø fjerna samtidig som ein har tatt med eit stort areal som i dag er viktige beiteareal. I arealplan er det no eit stort området som er merka BA20 med arealføremål «Bebyggelse og anlegg», området inkluderer både innmarksbeite og gode skogsbeiter. Beita i området var viktig når eg hadde melkeproduksjon, men er i endå større grad avgjerande for dagens drift med villsau som beitar ute heile året.</p> <p>Som nemnt tidlegare var hovudgrunn til at ein plasserte område for hus/fritidsbolig som i gjeldande reguleringsplan nettopp på tanke på dåverande og framtidig gardsdrift. For landbruksdrift har områda i gjeldande reguleringsplan merka B, NB, H1, H2, H3 og H4 mindre verdi. Underteikna er forundra over at ein set omsynet til 100 meter sone mot sjø høgare enn eit berekraftig landbruk!</p> <p>For noverande og framtidig gardsdrift er det avgjerande at ein beheld områda NB, H1, H2 og H4 i gjeldande reguleringsplan. Området B i gjeldande reguleringsplan kan fjernast då området som er spelt inn og som er med i arealplan merka BKB22 er meir formålstenleg.</p>	<p>arealdel. Området er utover dette tatt ut av arealdelen.</p>
--	--	---	---

Jensbua	Jensbua Kystkultursenter AS	Vi vil med dette kome med innspel til arealdelen av kommuneplanen for Fjaler. Innspelet gjeld Jensbua Kystkultursenter, gnr/bnr 38/18.1. Vi ynskjer å byggje slipp for båtar opp til 40 fot på austsida av Jensbua. Denne skal gå inn i Slippuset, og blir omlag 25 m lang. Sjå vedlagde skisse.2. Vi ynskjer å byggje ei trekai langs austveggen av Jensbua, til møtes med trekaia som er der idag, og med ei kort flytebryggje ut frå denne. Sjå vedlagde skisse. Vi vil gjere dette fordi det vi styrke Jensbua Kystkultursenter som hamn og verkstad for tre- og veteranbåtar. Vi er no inne i ei svært spennande utvikling som bygningsvernsenter, og ei utvikling av tilbodet til tre- og veteranbåtar vil gje oss ei større breidde og fleire bein å stå på. Vi håpar at desse tiltaka kan bli tekne inn i arealdelen av kommuneplanen. Ta kontakt om de treng meir opplysningar om dei planlagde tiltaka.	Innspelet er delvis teke til følge.
---------	--------------------------------	---	-------------------------------------

Våge

Merknader til planføremåla

Planføremål	Avsendar	Merknad/innspel	Kommunedirektøren si vurdering
Nytt område til fritidsbustad i Korssund	Nordplan på vegne av grunneigar av gbnr 239/5 Roald Otto Skår, og moglege arvtakar Richard Skår	<p>Framlegg om tilrettelegging for framtidig fritidsbustad på deler av Holten gard.</p> <p>Innspel til område for fritidsbustad til Kommuneplanen sin arealdel Fjaler</p> <p>Fjaler kommune har lagt ut planforslag til Kommuneplanen sin arealdel 2022-2034. I planforslaget er hovudstrategien for fritidsbustad i kommunen at slik utbygging skal skje gjennom fortetting i eksisterande felt. Dette kjem også fram av Kommuneplanen sin samfunnsdel 2014-2025 for Fjaler kommune kapittel 11 om hyttebygging. Det kjem også fram at ein skal opne for spreidd bygging i avgrensa område kor det allereie er enkelttomter frå før. Ein ønskjer også å sikre tilstrekkeleg areal for småbåthamner i bygdene ved å sette av areal til nye hamner. Det kjem fram at det er liten/ingen kapasitet i dei eksisterande båthamnene i kommunen, og det er dermed viktig at ein legg til rette for etablering av nye hamner.</p> <p>Grunneigar på gbnr. 239/5 ønskjer å kome med innspel til område for fritidsbustad sør og aust for driftsbygningen på Holten gard. Det er viktig å</p>	<p>Framlegget kom inn i samband med varsel om oppheving av reguleringsplan for hytter ein annan stad på den same eigedommen.</p> <p>Framlegget gjeld eit området som ligg i tilknytning til 2 eksisterande hyttetomter, men vert likevel ikkje vurdert til å vere i samsvar med samfunnsdelen om fortetting av eksisterande felt. Framlegget legg opp til hyttebygging i eit langstrakt nytt ubebygd område. Området ligg tett på strandsona og eksponert i landskapet. Område ligg og tett på driftsbygning og jordbruksareal.</p>

		<p>fremje innspelet til kommuneplanen sin arealdel for å sikre kvalitet i utbygginga i tråd med det som blir gjeldande føresegner i ny kommuneplan.</p> <p>Bakgrunn for innspelet og formålet med utbygginga Bakgrunnen for innspelet er at ein ønskjer å skape eit berekraftig næringsgrunnlag for opprusting og vidare drift av gardsbruket, samt å kunne bidra til å oppretthalde ei positiv utvikling i området. Framtidig arvtakar på garden ønskjer å ruste opp driftsbygningen og å utvide den dyrka marka på garden, og sal av hyttetomter og hytteutleige til turisme vil kunne skaffe nødvendige inntekter til å gjennomføre dette.</p> <p>Hovudføremålet med innspelet er å legge til rette for utbygging av hyttetomter og småbåthamn i Korssund, samt funksjonar som leirplass, friluftsområde og landbruk-, natur- og friluftsføremål. Det er allereie etablert to fritidsbustadar og fleire einebustadar i området, og ein legg opp til å fortette med fleire hyttetomter. Området ligg i nær tilknytning til eksisterande infrastruktur som veg, VA-anlegg og straumnett, samt i nærleik av daglegvarebutikk i Korssund. Innspelet blir gjeve med utgangspunkt i førebels skisse for utvikling av fritidsbusetnad i området, utarbeidd av Nordplan AS.</p> <p>Kartskissa og illustrasjonane syner ei mogleg utbygging av fritidsbustadar og båthamn. Ein ser for seg fire frittståande hyttetomter langs strandlinja for vidaresal, eventuelt utleige, og at ein også kan etablere tre mindre utleiehytter i vika sør på eignedomen. Det er føreslått etablering av båthamn i Djupevika og eit mindre båthus ved utleiehyttene. Det resterande arealet held fram som LNF-område.</p> <p>Det er føreslått tilkomst for dei sørlege hyttetomtene gjennom godkjent landbruksveg frå Korssundvegen, forbi driftsbygning og vidare inn mot området. I enden av denne kan ein etablere oppstillingsplassar for bilar og sti vidare til hyttene. Dei nordlege hyttetomtene vil ha tilkomst via Korssundvegen, gjennom byggefeltet og felles oppstillingsplass for bilar. Ein legg altså ikkje opp til bilveg heilt fram til dei enkelte hyttetomtene. Ein nyttar dessutan eksisterande infrastruktur for å få minst mogleg terrenginngrep som kjem av vegbygging. Det er også moglegheit for at stiane i området kan nyttast som turstiar i forbindelse med leirplass.</p>	<p>Når det gjeld område til båthamn er det avsett fleire områder til båthamn i ytre deler av kommunen som vil kunne dekke behovet for båtplassar i området.</p> <p>Det er klart eit område som er attraktivt med tanke på nærleik til sjø og natur samt god utsikt og solforhold.</p> <p>Framlegget vil medføre behov for omfattande utbygging av infrastruktur sjølv om det er eksisterande i området frå før.</p> <p>Framlegget er i konflikt med samfunnsdelen og blir ikkje vurdert til å vere innanfor det som er meint med fortetting av eksisterande område.</p> <p>Det er og stor konflikt med strandsoneverdiar og landskapsverkand. Det ligg og tett på landbruksareal.</p> <p>Det er stor kapasitet i framlegg til arealdel både for hytter og båtplassar.</p>
--	--	---	---

		<p>Det er ikkje registrert forureining, kulturminne, kulturlandskap, naturvernområde, trua artar eller potensiell naturfare i området etter Fylkesatlas Vestland og NVE sine kartløyisingar. Det er heller ikkje kjende utfordringar knytta til kritiske samfunnsfunksjonar, infrastruktur eller storulykke. Fullstendig ROS-analyse må utarbeidast som del av eventuelt reguleringsarbeid. Utbyggingsområdet er plassert i open, skrin fastmark som ikkje kan nyttast til dyrka mark. Området ligg likevel nær strandlinja og det vil vere avgjerande at ein legg vekt på å ta vare på miljøet, naturen, kulturen og den lokale identiteten for å få til ei vellukka utbygging. Det er viktig at ein tek vare på viktige landskapselement og legg opp til god landskapstilpassa arkitektur. Plassering og utforming av hyttene og landskapsverknader av dette bør vurderast i ein påfølgande reguleringsplan. Ein ønskjer å sette krav om god terrengtilpassing og minst mogleg inngrep i naturen.</p> <p>Viktige argument for at areal ved Holten gard kan bli eit attraktivt område for fritidsbusetnad er:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Utbygging av området vil skje gjennom fortetting i allereie bebygd område. 2. Området ligg i nær tilknytning til eksisterande infrastruktur og i gangavstand til daglegvarebutikk. 3. Området er attraktivt for fritidsbusetnad med nærleik til sjø og natur, samt gode utsiktso og solforhold. 4. Etablering av småbåthamn vil avhjelpe behovet for båthamner i kommunen. 5. Utbygginga er ei viktig føresetnad for opprusting og vidare drift av Holten gard. 6. Oppheving av eksisterande reguleringsplan. 	Området vert ikkje vidare konsekvensutgreia eller tatt inn i planen.
BFR14	Lars Ask	Eg syner til avtale om innspel i høve komande arealdelplan. Vedlagt fylgjer teikningar for planlagte uthus, plassert på vedlagte kart. Om ynskjeleg skal eg komplettere planen med eit meir detaljert plankart.	Området er no avsett til fritidsbebyggelse og det er krav om detaljreguleringsplan for heile området. Plassering av tomter og bygg må avklarast i detaljreguleringsplanen.
Furevågen bustadområde (NYTT)	Vestbygg AS	Viser til tidlegare innspill knytt til reguleringsplan for Furevågen. Dette er en reguleringsplan som er til behandling i kommunen, der formannskapet ønsket oppstart av planarbeidet, og var positiv til å legg planen ut til offentlig ettersyn. Kommunen har ikke hatt noe negativt vedtak i saken, og vi ber om at kommunen behandler saken ferdig. Det er lite boligareal lagt ut i ytre Fjaler. Store deler av de områdene der det er lagt ut ligger	Spørsmål knytt til den konkrete saka er ikkje følgt opp her. Eventuelle spørsmål til denne kan rettast direkte til den aktuelle saka.

		<p>tett opp til vindmøller, og vil sannsynligvis få redusert bokvalitet og ønske om utbygging. Areal som er lagt ut på Grytøyra er i stor grad lagt i myrareal og omsynssone for kvikkleire. Det er av kommunedirektøren vist til at planen: «Vert ikkje teke inn i planen. Bustadfelt i Furevågen er i strid med kommuneplanen sin samfunnsplan og kommunen sin arealstrategi for ytre delar av Fjaler. Her vert det prioritert bustadbygging og fortetting i bygdesentera.»</p> <p>Vi ber om informasjon om hva som er arealstrategien for ytre Fjaler ettersom det for f.eks. hele Folkestad og Våge ikke er lagt ut et eneste byggeområde for bolig (inkl LNF med spredt bolig). Vi kan ikke se at dette er et politisk eller offentlig dokument.</p>	<p>Bustadareal i ytre Fjaler er i forslag til ny arealdel lagt ut i B1 og B2 (Korssund), B3 (Folkestad), B4, B5 og B6 (Grytøyra), og B7 (Hellevik – ikkje opna for nye einingar her). For spreidd bustad er det satt av område i SPB1 (Korssund), samt SPB2 og SPB3 (Hellevik). Det er følgjeleg sett av areal til bustad i ytre Fjaler i ny arealdel.</p>
<p>Naustområde Furevika (NYTT)</p>	<p>Sivilarkitekt Tore Magne Iden for Dag jostein Furre Solheim og Rudi Magne Lawrence Iden</p>	<p>Innleiing-Innspel</p> <p>I samsvar med kommunal målsetting om tilrettelegging for stads- og næringsutvikling m.v., ber ein om at følgande innspel , med orientering, faktaoppgåver m.v. for området, vert innarbeidd i den pågåande arealplan-handsaminga.</p> <p>Ut fra planen sitt avgrensa innhald / omfang og tilhøva ellers, vert kommunen oppmoda om å handsame innspelet, slik at tiltak i naustområdet og for tilkomstveg kan gjennomførast med grunnlag i:</p> <p>Kommuneplan-arealplan (med føresegner).</p> <p>Det er, som kjent, fleire «vegar» «ut av byggeforbodet» i «Strandsona» , - både gjennom plan og dispensasjon:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Kommuneplan - arealplan</i> • <i>Reguleringsplan -(Pbl 12-1: «For gjennomføring av større bygge- og anleggstiltak og andre tiltak som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, kreves det reguleringsplan»</i> • <i>Dispensasjon gjennom § 19-2. §19-2 uttrykker – det kan ikke gis dispensasjon når:</i> <ul style="list-style-type: none"> ○ <i>hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt</i> ○ <i>når fordelene ikke er klart større enn ulempene.</i> <p>I denne saka , påstår ein, vert omsyna ikkje vesentleg sett til sides, moglege ulemper er uvesentlege og fordelane følgeleg klart større enn ulempene.</p> <p>Det vil , når det gjeld «naustomt-saker» heller ikke vere <i>større byggje- og anleggstiltak eller anna som kan gje vesentlege negative verknader for miljø og samfunn.</i></p> <p>Bruks-/nausttomt-eigarar og andre rettshavarar, knytta til dette, tidlegare frådelte,nausttomt-området (ref. Jordskifter slutta i 1904 og 1956), ber ein om at kommunen, i arbeidet med rulleringa av Kommuneplanen sin arealdel, viser at det opnast</p>	<p>Merknad viser til ynskje om tilrettelegging for naust i området. Det er kome forslag til formulering i føresegner, informasjon om historisk situasjon, samt informasjon om privatrettslege tilhøve.</p> <p>Merknad er delvis tatt til følge. Det er ikkje opna for spreidd utbygging av naust i området. Naustområdet er tatt inn i arealdel (ABN6). Det er føresegner knytt til naust i arealplanen. Det er krav om detaljreguleringsplan på området. Noko av arealet i sjø er tatt med i området.</p>

		<p>for spreidd utbygging av naust i det etablerte naustområdet og for tilhøyrande anlegg i/ved sjø. I dette inngår også å rette opp att dei deler av den rettfesta tilkomstvegen til nausttomtene, som er endra/fjerna ved «landbruksmessige» tiltak i «Strandsona». Naustomtane er merka som tomt nr. 1 - 2 -3 – 4 - 5 - 6 i følgande vedlegg: 201125-004 og 201125-004 B. Dei einskilde brukseigarane og rettshavarane for nausttomtene vert nemnde etterfølgande. Ein rår til og ber om at kommunen gjennom føresegner til arealføremål, etter PBL §11-7 nr. 5 (<i>landbruks-, natur- og fritidsformål samt reindrift, underformål areal for spredt bolig-, fritid-eller næringsbebyggelse mv.</i>) og 6 (<i>bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsoner</i>) viser at det opnast for slik spreidd utbygging av naust. Heimelen, § 11-7 nr.5 og 6, spreidd utbygging, er tenleg, også ut frå at den vil vere dekkande som heimel for vidare utbygging, også på bakgrunn av at det allereie eksisterer naust her (på 3 tomter, og eit anna naust og andre utbygningstiltak er utført opp mot naustomt-sona, i tilstøytande område (Sjå etterfølgande faktaopplysningar).</p> <p>Naust i kommuneplan/-kartet I plankartet kan naustområdet, med heimel i § 11-7 nr. 5 og 6, avgrensast ved bruk av SOSIkode KpBestemmelse Område. Området kan også gjevast påskrifta «N» eller «Naust».</p> <p>Føresegner om naust og bryggjer i planområdet, med heimel i pgf. § 11-7 nr. 5 og 6: Framlegg til føresegner legg til grunn at naust/sjøbu o.a. allereie er etablert på naustområdet og at det kan byggast vidare, men utan plankrav (reguleringsplan) etter PBL 11-7-nr. 1.</p> <p>Omfang og lokalisering av naust m.v. i området kan avgrensast gjennom føresegner etter PBL 11-11 nr. 2.</p> <p>Omfang (PBL § 11-11 nr. 2) Merknad til tomtene 1-6: Talet på nye/eller atterreiste naust/sjøbø i naustområdet, etter PBL 11-7 nr. 5 og 6, (kva gjeld tomtene 1-4), kan avgrensast til 4 naust, i planperioden. På tomt 5 og 6 står det allereie naust/sjøbu (m/ grunnflate: Ca. 66 m2, bygd etter 1965) som dekker deler av begge tomtene. Også på bnr. 8, nordaust for nemnde tomter, er det allereie naustbygning (frå før 1965). I pågåande jordskiftesak for naustområdet (ved Sogn og Fjordane Jordskifterett, ref.: 21-028822REN-JSOF/JFOR), vert det også avklart kva arealomfang som vil gå med til oppattretting av veggrein som er ein tapt del av den rettfesta tilkomstvegen på nordvestsida, ovanfor nausttomtene (1-6).</p> <p>Forslag til føresegner- Generelt</p>	
--	--	---	--

		<p># Ved bygging av naust kan tradisjonell byggeskikk i området takast omsyn til, ved volum, utforming, fargeval og materialbruk. Vindauga skal vera høgare enn dei er breie, og balkongar vert ikkje tillete, (jf. pbl. § 11-10, nr. 2).</p> <p>Forslag til føresegner:</p> <p># I NAUSTOMRÅDE FUREVIKA , tomt 1-4 kan det i planperioden førast opp 4, nye naust.</p> <p># Det kan førast opp 2 nye naust på tomt nr. 5 og 6, etter eventuell riving av eksisterande naust på desse tomtene.</p> <p>Lokalisering (PBL « 11-11 nr. 2)</p> <p>Merknad:</p> <p>Det er ingen kjende badeplassar , stiar/tilkomstveggar i området, som kan byggast ned. Naustområdet har tilkomstveg/ vegrettar oppretta ved jordskifte (1904 og 1956). Ein rår til følgjande føresegner, for å sikre friluftsinnteresser og landskapsomsyn.</p> <p>Forslag til føresegner som kan vurderast:</p> <p># Utbygging i naustområdet må ta landskapsomsyn. I tomtene skal det ikkje byggjast naust som krev utfylling i sjø eller skjerming i form av molo .</p> <p># På tomt 4 kan naust/sjøbu byggast på/over eksisterande bryggje/fundament (i sjø/på land) etter tidlegare sjøbu.</p> <p># Det kan ikkje byggast naust som krev sprenging/ graving /utfylling utover eit avvik på 0,6 m i høve til opprinneleg terrengnivå, utanfor bygning. Byggegrøp for naust kan tillagast med plan botn.</p> <p>Mindre anlegg for ferdsel til sjøs (PBL § 11-11 nr. 4)</p> <p>Merknad:</p> <p>For/på tomt nr. 4 (for bnr. 234/2) finst det også rettar for andre bruksnummer:</p> <ul style="list-style-type: none"> - For bnr. 234/36 – rett til båtfeste, vegrett (frå 2020-tgl.) - For bnr. 234/37 – rett til båtfeste, vegrett (frå 1966-tgl.) - For bnr. 234/38 – rett til båtfeste , båttoppdrag, vegrett (frå 2011-tgl.). <p>Det kan være knytt tilsvarende rettar til andre nausttomter (men ikkje undersøkt i høve dette).</p> <p>Etablering av flytebrygge og båttopptrekk til dei einskilde tomtene/nausta vil gje ordna brukstilhøve i naustområdet, også for andre rettshavarar enn nausttomteigarane.</p> <p>Det bør ikkje opnast for kaier, faste bryggjer eller utfyllingar/ moloar plassert parallelt med tomtebreidda, Dette som ledd i å ta vare på strandsoneverdiar knytta til friluftsliv, natur-/landskapsomsyn og allmenn ferdsel. Djupne-tilhøva ligg heller ikkje tilrette for slik løysing.</p> <p>Forslag til føresegner:</p>	
--	--	--	--

		<p># Det skal vera mogleg for allmenta å ferdast framfor eller bak, samt mellom naust, (jf. pbl. § 11-10, nr. 3).</p> <p># Bryggjer skal vere flytande eller faste bryggjer for å sikre tilkomst til / frå sjøen. Bryggjer skal utformast som utstikk frå stranda og slik at dei ikkje verkar dominerande eller til hinder for ferdsel. Bryggjer, båtfeste og andre varige konstruksjonar og anlegg skal ta omsyn til allmenn ferdsel og utformast nøkternt. Bryggjefrontar (også for flytebryggjer) skal utførast med vertikal trekledning. Maks. lengde på bryggjeutstikk pr. tomt er 12 meter (uten «landgang»), max. breidde 2,0 m (Jf. pbl. § 11-10, nr. 2).</p> <p># I naustområde kan det etablerast båtopptrekk til naust (jf. pbl. § 11-9, nr.5).</p> <p>Utbyggingsvolum (PBL § 11-9 nr. 5) / Estetikk (PBL § 11-9 nr. 6)</p> <p>Merknad:</p> <p>Eksisterande naust på tomt 5/6 i naustområdet og på bnr. 8, nord for naustområdet, er utforma med tradisjonelt saltak.</p> <p>Saltaksforma vidareførast i nye naust/sjøbuer.</p> <p>Dei einskilde tomtene har ulik lengde og ulik breidde.</p> <p>Som følgje av dette ligg det ikkje til rette for einsarta naustbygningar på dei einskilde tomtene.</p> <p>Avstand mellom naust vil bidra til å ivareta landskapmessige og allmenne ferdselsomsyn i naustområdet.</p> <p>Det er difor ikkje tenleg å detaljere utbyggingsvolumet for den einskilde tomten i arealplanssamanheng.</p> <p>Takfall, mellom 35 – 45 grader, kan nyttast. Dette vil gje variasjon i bygningsmassen.</p> <p>Det er naturleg med mønehøgde ikkje høgare enn på eksisterande naust/sjøbu på tomt 5/6, som er ca. 7 m høg.</p> <p>Dette naustet har breidde: ca. 6 m og lengde: ca. 11 m (= 66 m²).</p> <p>Då det er fleire med rettigheter i einskilde tomtar, tilseier dette behov for naustplass der utover det som kan vere tenleg for ein enkelt brukar.</p> <p>Av landskaps- og ferdselsomsyn er det heller ikkje ønskeleg med naust i rekkje, og bygningar bør difor oppførast med ikke mindre avstand enn 3,0 m mellom bygga, og ikkje nærare enn 1,5 m frå nabogrenser.</p> <p>Takflate-utstikk begrensa til 0,6 m.</p> <p># Det kan oppførast naust på opp til 60 m² BTA (e. NS 3940:2012) (jf. pbl. § 11-9, nr. 5).</p> <p>Alternativ:</p> <p># Det kan oppførast naust , opp til tilsvarande størrelse som eksisterande naust på tomt 5 & 6 (ca. 66 m² BTA (e. NS 3940:2012), der dette passr eller ikkje kjem i motstrid med andre føresegner (jf. pbl. § 11-9, nr. 5).</p>	
--	--	--	--

		<p># Naust kan ikkje oppførast med mindre avstand enn 3 m frå anna naust eller nærare enn 1,5 m frå tomte-/nabogrense.</p> <p># Naust skal oppførast med saltak med vinkel på mellom 35 – 45 grader, (jf. pbl. § 11-10, nr. 2).</p> <p># Mønehøgda kan vere inntil 7 m. målt frå terrengnivå på landsida av bygget, (jf. pbl. § 11-10, nr. 2).</p> <p># Naust skal ha ytterkledning/-mur av tre eller naturstein.</p> <p># Fargevalet skal vera «jordfargar» e.l. og tilpassa omgjevnadane, (jf. pbl. § 11-9, nr. 6).</p> <p>« Naust kan ha yttertak av tre, tegl , zinklegering eller naturstein.</p> <p># Det kan leggjast til rette for/byggast toalettrom (med/for universiell utforming/bruk) i naust. Føresetnad er godkjent utsleppsløyve, (jf. pbl. 11-9, nr. 5) eller anna godkjend løysing for spillvatn.</p> <p># Naust vert ikkje tillate innreia eller nytta som heilårsbustad/fritidsbustad, med unntak for mindre toalettrom, (jf. pbl. § 11-10, nr. 2).</p> <p># Gjerde/levegg eller stengsel er ikkje tillete, (jf. pbl. § 11-10, nr. 2).</p> <p>Naustomtane i Furevika m.v.</p> <p>Grensene for dei 6 nausttomtane som vart utlagde, nordvest i Furevika, ved utskiftingsforretninga i 1889-1991 (slutta 1904) var ugreie, fordi dei flest merkesteinane var borte.</p> <p>Ved seinare jordskifte over Fure, gnr. 34 i Askvoll Herad (no: 234 i Fjaler Kommune) vart dei gamle grensene rekonstruerte ved hjelp av det gamle kartet og det vart sett ned nye merkesteinar (Ref. Jordskiftesak nr. 18/1941 (Tok til 22.4.1947-slutta 20.11.1956).</p> <p>I perioden etter 1965, har grensesteinar vorte borte og tomtegrensene er ugreie på nytt. I denne perioden har det vore fleire eigarskifte på bruka, gnr. 234/1-4-8 og 11 (no med sams heimelshavar) og det er slik etablert ei sams landbruksdrifts-eining for desse bruka, med påfølgande endringar av jordgrunn/driftsgrunnlag og flytting/omlegging av ovannemnde rettshefta veg for nausttomtene. Dette gjennom ymse tiltak i og utanfor «Strandsona».</p> <p>Jordskifte 2021</p> <p>Heimelshavarane til følgande bruk på Fureneset har eigande naustomter i det aktuelle naustområdet og vegrett knytta til desse:</p> <p>Tomt nr. 1- Gnr. 234, bnr. 7 – Naustomt – vegrett – (Moglege rettar for andre: Ikke undersøkt)</p> <p>Tomt nr. 2- Gnr. 234, bnr. 1 – Naustomt – vegrett - (Moglege rettar for andre: Ikke undersøkt)</p> <p>Tomt nr. 3- Gnr. 234, bnr. 5 – Naustomt – vegrett – (Moglege rettar for andre: Ikke undersøkt)</p>	
--	--	--	--


		<p>Tomt nr. 4- Gnr. 234, bnr. 2 – Naustomt – vegrett – Rett til båtfeste-vegrett: Gnr. 234, bnr. 36</p> <ul style="list-style-type: none"> - Rett til båtfeste-vegrett: Gnr. 234, bnr. 37 - Rett til båtfeste-båtoppdrag-vegrett: Gnr. 234, bnr. 38 <p>Tomt nr. 5- Gnr. 234, bnr. 4 – Naustomt – vegrett – (Moglege rettar for andre: Ukjend)</p> <p>Tomt nr. 6- Gnr. 234, bnr. 8 – Naustomt – vegrett – (Moglege rettar for andre: Ukjend)</p> <p>Ut frå behovet for å rette opp igjen tomtegrenser m.v., vart det i 2021, ved Sogn og Fjordane Jordskifterett rekvirert «ny» jordskiftesak (referanse: 21-028822REN-JFOR FURE).</p> <p>Krav om at saka skulle avklarast ved jordskifte, kom frå Egil Furenes, eigar av ovannemnde bruk (bnr. 1-4-8-11) (Referanse: Melding frå E. Furenes, dat. 24.4.2020, som bekrefta einigheit om at ein måtte «få på plass» ei oppmålingsforretning i samband med gjenoppretting av grensene mellom nausttomtane i Furevika, men at dette vart gjort gjennom Jordskifteretten) .</p> <p>Jordskifte-partane er einige om: (Ref.: Sogn og Fjordane Jordskifterett (S&FJR), dok. 56:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Nausttomtene er eigande tomter, eig ut i sjøen og har tilflotsrett. Grensene er beskrevne i jordskiftesak i 1889-91 og 1941-56 - «Sjøvegen» er også beskrevet i jordskiftesakene. <p>(«Sjøvegen» er tilkomstvegen frå noverande kommuneveg til nausttomtene. Jordskiftesakene spesifiserer vegrett og føresegner for vegen. Jordskiftesaka er forventa sluttført i 2022.</p> <p>Areala i og opp mot nausttomtene, innanfor «100-m beltet» i »Strandsona» , er etter 1965 endra ved vesentlege og gjennomgripande maskinelle naturinngrep i det som var tidlegare utmark på bnr. 8. Arealet har no nemninga «Overflatedyrka jord» i offentleg kartverk (ref. : Gardskart.nibio.no).</p> <p>Bygningar o. a. på tomtene 1- 6, og på bnr. 8 i dag:</p> <p>Naust på tomt nr. 2 (treng rehabilitering).</p> <p>Dette naustet vartbygd opp att etter krigen (1945), men før 1965.</p> <p>Tidligare naust på denne staden vart sprengd bort ved den store minesprengingsulukka i Furevika, juli 1945.</p> <p>(jf. etterfølgande orientering om denne, under vedlegg: FURENAES – Militære anlegg og støttepunkt).</p> <p>Grunnmur i sjø for sjøbu på tomt nr. 4</p> <p>Tidligare sjøbu på denne staden vart også sprengd bort ved den store minesprengingsulukka .</p> <p>Rester etter sjøbua ligg framleis på tomten.</p>	
--	--	---	--

		<p>Det er aktuelt å føre opp att ny sjøbu på grunnmuren som også ligg delvis ut i sjøen, for å sikre denne tilfredstillande djupnetilhøve for tilflot.</p> <p>Sjøbu på tomt nr. 5/6.</p> <p>Noverande naust/sjøbu er bygd etter 1965.</p> <p>Vidare er det, også etter 1965, gjort vesentleg steinfylling i sjøen på gnr. 234/8, framfor (søraust for) det eksisterande naustet på desse tomtene.</p> <p>Steinfyllinga vart bygd ut over og dekte til den gamle faste kaien/bryggja i sjøen, som gav høve til sjøverts kommunikasjon og tilkomst/tilflot til Furevika området.</p> <p>Denne bryggja, nemd ØSTKAI og tilkomstvegen til/ i naustområdet, frå «Den gamle Bygdevegn», er vist også i tyske kart frå «krigen» (jf. etterfølgande informasjon/kart i vedlegg: FURENAES – Militære anlegg og støttepunkt).</p> <p>Sjøhus/naust på bnr. 8</p> <p>Bygningen her er bygd på bnr. 8, nordaust for tomtene 5/6.</p> <p>Tidligere naust , om lag på denne staden, vart også sprengd bort ved den store minesprengningsulukka i Furevika.</p> <p>Det vart reist nytt naust etter krigen og før 1965.</p> <p>Etter 1965 er det, også her, utført vesentleg utfylling i sjø og bygging av skjermingsmolo mot søraust.</p> <p>Frå moloen er det, etter 1965, også bygd «tilkomst-/»landbruksveg» nordaustover og rundt naustområdet (1-6), og vidare sørover, med «samankobling» til rettfasta veg for «Sjøvegen», ved nausttomt nr. 1, og som knyter «jordbruksvegen» saman med tilkomstvegen frå kommunevegen til naustområdet.</p> <p>Kort beskriving knytta til tidlegare bruk av FUREVIKA-OMRÅDET, krigshendingar o.a.</p> <p>Ifølge utskiftningsforretninga , 1889-1891, og jordskiftet, 1947-1956, har 6 bruksnummer under gnr. 234 (tidlegare gnr. 34 – Askvoll) eigande nausttomter i Furevika, med tilhøyrande veg/vegrett.</p> <p>Ved jordskiftet i 1956 vart den gamle rettsfesta fellesvegen («Sjøvegen») til nausttomtene i Furevika, over bnr. 8, på grunn av omlegging av vegen Fure-Fureneset , forlenga langs austgrensa av innmarksteigen på bnr. 8, opp mot bnr. 1, sørover, frå den gamle «Bygdevegen» og fram til den nye «Kommunevegen».</p> <p>Fure sokna tidlegare til Askvold Prestegjeld /Askvoll Kyrkje og var del av Askvoll Kommune. Furevika var sentral hamn / utgangspunkt for sjøveis kommunikasjon mellom Fure-området og kommunesenteret i Askvoll i tida før det vart etablert kai i Snekkevågen, på slutten av 1940-talet (i nærleiken av noverande Fure Ferjekai).</p> <p>Fram til, ut i 1920-åra, var einaste «landhandelen» for Fure-området lokalisert i Furevika (i sjøbua til Lars Olson, på bnr. 8).</p> <p>Denne landhandel-verksemda vart seinare «flytta» til Snekkevågen.</p>	
--	--	---	--

		<p>I perioden fram til 2. verdskrigen gjekk det føre seg aktiv næringsverksemd, knytta til fiske og båtbygging , i Furevika. M.a. dreiv bnr. 2, med base herifrå, både sildefiske, makrellfiske og kilenotfiske etter laks. Sjøbua for dette bruket (restar etter grunnmuren, finn ein i dag på nausttomt nr. 4) var også produksjonsstad for trebåtar.</p> <p>Ved krigsutbrotet tok alle aktivitetane i Furevika brått slutt og alle bruka på Fure vart annekterte og tekne i bruk av okkupasjonsmakta, og folket vart tvangsflytta. Då folk forsvann frå gardane og bygningane sprengde bort under »krigen», påverka dette bruken av området og landskapet grodde til over vegdelen langs tomtene. Dette er vegen som no må gjenopprettaast, også på grunn av dei landbruksmessige aktivitetane som har endra/fjerna vegen.</p> <p>Største delen av Furenes-halvøya og Furevika vart minelagd i samband med etablering av tyske militære anlegg og støttepunkt i området og under dette FURENAES FORT – festningsanlegget i /på Sølvberghaugen.</p> <p>(Ein viser til meir om dette, ved vedlegg: Tyske militære anlegg og støttepunkt, side 157-160).</p> <p>Ved krigsslutt vart det meste av naustbygningane i Furevika øydelagde, då ei større samling av landminer, samla inn for destruksjon, gjekk av i ein større eksplosjon og la sjøerbuer/naust og bryggjer o.a. i ruinar. Under dette omkom det 6 tyske soldatar. I samband med dei strukturelle endringane som går føre seg i distrikt, landbruk og i samfunnet ellers, er det no behov for å «revitalisere» , med tiltak og aktivitetar knytta til dei rettigheter som gjeld dei aktuelle bruka sine nausttomter og få ordna tilhøve for den rettsfesta vegen til naustområdet i Furevika.</p> <p>Flyfoto viser naustområdet og tilstøytande område, slik det framsto i 1965. FLYFOTO 1965 gk_enkel_20211009_20_24-4646_234_1_0-tuMHf2UE (1).pdf</p> <p>Frå tidlegare historie kjenner ein også godt til Fure/Furevika som sentral stad, med tingsete, futegard o.a.. https://www.allkunne.no/framside/fylkesleksikon-sogn-og-fjordane/historie-i-sogn-og-fjordane/historie/futesetet-pa-fure/1901/78183/</p> <p>Arealbruk</p> <p>I medhald av nemnde utskiftningsforretningar/jordskifte, disponerast fylgjande areal i/for naustområdet:</p> <p>Nausttomter: Ca. 1760 m².</p> <p>Reetablering av rettfesta tilkomstveg langs den samla nausttomt-lengda : Ca. 590 m². (Vegbredde: 3,0 m / grøfter-skråningar: 2 x 1,5 m - over samla veg-/tomtelengd på: Ca. 98,0 m).</p> <p>Den «eksisterande» gamle «Sjøvegen», frå «kommunevegen» og fram til naustområdet er omlag 350 m i lengd og disponerer, med grøfter , ca. 2,200 m².</p>	
--	--	---	--

		<p>Medverknad i arealplan-prosessen Ein viser til PBL 2008, knytta til medverknad (Referanse: Arealplan - Pålegg i PBL §§ 4-1, 11-2, 11-12-11-15). Eigarskap og stadidentitet. Planmyndigheita hverken skal eller kan løyse lokale samfunnstilhøve/-utfordringar åleine utan dialog med lokalbefolkninga. God planprosess motiverer til deltaking i politikk og planlegging på ein meir forpliktande måte. Aktiv involvering av lokalsamfunnet stimulerer til breidare, meir engasjerande medverknad i eige nærområde og fremmer nettverk, felles identitet og tilhøyrse. Dette er også målsetting for planinnspelet. Dette vil bidra til å sikre aksept, engasjement og eigarskap frå lokale partar, og med dette frigjere tid og ressursar til/i ein vidare plan- og tiltaksprosess. Ved behov for nærare oppgåver knytta til dette innspelet og det aktuelle arealplan-området, ta gjerne kontakt med underteikna for koordinering av opplysningar. Framlegg til føresegner m.v . vert tilrådd ut frå vår lokale stadkunnskap og gjeldande tilhøve ellers. Ein legg til grunn at planmyndigheitene ser det tjenleg og tek innspelet/framlegget til orientering og følger rettleiinga, slik at dette vert grunnlag for ei utbygging etter (areal-)plan . Framlegget er, frå denne sida sitt syn, godt i samsvar med nasjonal og regional strandsonopolitikk (jf. også «Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen». Ein er takksam for oppfølgande, direkte informasjon om handsaminga vidare, om det vert behov for å vurdere moglege justeringar i høve framlegget om føresegner for NAUSTOMRÅDET FUREVIKA. Det er atterhald om at kartvedlegg frå Jordskifteretten kan endrast etter rettslutninga. Det vert lagt til grunn at kommunen gjennomfører handsaminga av arealplan-innspelet/-forslaget med openheit, medverknad, samarbeid og tek heilheitleg ansvar og nyttar det lokale «handlingsrommet» i arealplanlegginga/-prosessen til beste for lokalsamfunnet.</p>	
AB1	Norodd Lammetun og Geir Lammetun	<p>Arealet AB1 (Lammetun øst) er satt av til Andre typer bebyggelse og anlegg. Det ligg inne i planen at ein kan etablere 8 naust på dette området. I tillegg til dette ynskjer vi å spele inn at området kan nyttast som oppstillingsplass for bubilar. AB1 blir allereie nytta av bubilar som står der gratis. Dette er eit stort område som allereie er ferdig planert og det er tilrettelagt med veg, vatn og straum. Med små grep kan dette området bli ein attraktiv oppstillingsplass for bubilar. Arealplanen legg og opp til at ein kan etablere småbåthamn ved området. Reiselivsnæringa skal vere eit av satsingsområda til Fjaler</p>	<p>Området er lagt inn som ABN1 og SH2 i sjø. Det er krav om detaljregulering for området. Det er ikkje opna for oppstillingsplass for bubilar i arealdel. Eventuelle ynskjer må vurderast i detaljreguleringsplan.</p>

		kommune iden strategiske næringslivsplanen. Ein ny attraktivoppstillingsplass for bubilar vil vere positivt for denne næringa.	
N1	Vestbygg AS	Viser til tidligere innspill vedrørende utviding av næringsareal på Grytøyra. Det er lagt opp til lite næringsareal i ytre del av kommunen og det er i konsekvensutredningen vist til at tiltaket støtter opp om næringsutvikling i området, og bidrar til vekst. Vi mener det er viktig at en i kommuneplanen ikke stenger for utvikling av eksisterende næringsklynger og virksomheter. Det er i KUen også vist til at tiltaket er i samsvar med lokale mål om utvikling jf. i samfunnsplanen. Vi ber derfor om at det blir tatt inn i kommuneplanen. I forhold til avbøtende tiltak og utfyllingsgrense, så mener vi dette kan løses i en reguleringsplan. Tiltak knytt til naturfare vil være avhengig av hvilken virksomhet som etableres. Dette er detaljer som vi mener hører naturlig hjemme i en reguleringsplan evt. i en byggesak.	Merknaden er ikkje teke til følge. Dersom innspelet viser til område med større utfylling i sjø vil dette ikkje tas med i arealdelen.
	Vestbygg AS	Vestbygg er blitt oppmerksom på at det i forslag til ny kommuneplan er noen unøyaktigheter i inntegning av formålsgrensen for næringsområde. Vi forstår det slik at formålsgrensen vil bli behandlet som en nøyaktig juridisk linje ved behandling av framtidige byggesaker i området. Vi ber derfor om at formålsgrensen blir gjennomgått og rettet opp slik at den stemmer med det faktiske næringsområde, og slik at det er mulig å vedlikeholde kai, og hindre utglidning av denne i sjøområdet. I nord ønsker en å rette opp kailinjen fra fyllingsfot, slik at det skaper en tydelig, mer estetisk og ryddig overgang mellom næringsarealet og sjø, i forbindelse med oppgradering av bygningsmasse og	Merknaden er teke til følge.


		<p>området forøvrig. Forslag til korrigering er vedlagt og markert med rosa.</p> 	
VA7 –VA8	Edvin Espedal og Marie Kristin Å. Espedal	<p>Kommentarar til drift og utviding av lokaliteten 11803 Kyravika I Fjaler. Som grunneigarar av gard nr 24 bruk nr 21 og 112 vil vi komme med nokre kommentarar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Pr I dag landfast, men oppføre seg som vi ikkje eksisterar - Betalar ikkje landleige /slutta betale 2012 uten oppseiing av kontrakt - Varslar ikkje ved aktivitet - Vi kan ikkje selgje hyttetomter, ingen vil bygge med denne aktiviteten som nabo. - Vi plagast av støy døgnet rundt i periodar, den endrar seg med vindretning - Vi plagast av lys døgnet rundt i periodar - Båtar som ankrar opp på natta ligg med motor I gang, I periodar har det vore 4 båtar samstundes - Hobbyfiskerar får ikkje fisk, det framstår som “ein død” fjord. - Vi støttar fullt opp bekymringane frå Statsforvalter kring fiskevelferd, og kva konsekvensane er og vil bli for livet I fjorden/havflora og fisk. <p>Desse siste punkta gjeld for mange av bebuarane kring fjorden, vi får stadig tilbakemeldingar med spørsmål om kva som skjer.</p>	<p>Merknaden er delvis teke til følgje. Område for utviding vert redusert med større avstand til land. Utvida område for akvakultur betyr nødvendigvis ikkje utvida biomasse og drift, men kan vere til hjelp for å utvikle anlegga i form av ny teknologi og driftsteknikkar som kan minke konsekvensane for området rundt.</p>

	Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane	Vi stiller oss negative til at ei utviding av biomasse bør tillast her. Som det går fram av konsekvensutgreiinga, så er området eit viktig rekefelt og friluftsområde i sjø. Kommunen bør prioritere eksisterande berekraftig kystfiske og friluftareal til glede for innbyggjarar og tilreisande over utvida areal til oppdrett.	Merknaden er delvis teke til følgje. Sjå kommentar til merknaden over.
VA16	Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane	Eit stort nytt areal til lakseoppdrett er føreslått tatt inn ved Myrbærskjera. Naturvernforbundet er sterkt uroa over den negative utviklinga for sjøfuglane våre, der 3 av 4 individ er vekke sidan år 2000. Mange artar er blitt raudlista, og sjølv dei livskraftige bestandane er langt mindre enn tidlegare. Årsakane bak er mange, og alt kan ikkje løysast på eit lokalpolitisk nivå, men Fjaler kommune har her eit viktig nasjonalt ansvar som kystkommune for å sikre at levevilkåra er intakte, slik at bestandane har høve til å stabilisere seg. Myrbærskjera er eit freda naturreservat av omsyn til sjøfuglane, og å etablere oppdrett rett ved, midt i leveområda deira, vil vere særskilt negativt – og er ikkje i tråd med omsyna som ligg bak vernestatusen. Vi ber difor om at VA16 ikkje vert vidareført i planen.	Merknad er teke til følgje. Området er ikkje vidareført.

Dale

Merknader til planføremåla

Planføremål	Avsendar	Merknad/innspeil	Kommunedirektøren si vurdering
Nytt bustadområde	Trond-Ole Håland	Kartutsnitt nedanfor inneheld skravert område på bruk 75/7 som eg er eigar av. Dette området er vel eigna til bustad føremål. Eg ynskjer med dette at området blir teke med i kommuneplan som eit framtidig alternativ til busetting.	Merknaden er ikkje teke til følgje. Området er ut i frå ei enkel vurdering i strid med dyrka mark og kulturminne. Samt er ikkje bustadområde samlokalisert med verken butikk, skule eller andre sentrumsfunksjonar, noko som fører til utrygg skuleveg. Området er på samla grunnlag ikkje konsekvensutgreia eller teke inn i arealdelen.

			
N42	Norges Miljøvernforbund	<p>Norges Miljøvernforbund (NMF) har gjennom våre lokale medlemmer blitt godt informert og fått god kjennskap til saken. Dette gjør at det er flere punkter hvor vi mener saksbehandlingen er feil, konsekvensvurderingen mangelfull og konklusjonene snarere motsatt av hva de burde være. Denne delen av Hålandsmarka bør ikke tillates omregulert men forbli LNF-område av hensyn til både naturtyper, artsmangfold, fortidsminner, gamle og nye ferdselsveier turstier og lokalbefolkningens bruk av området.</p> <p>Hålandsmarka benyttes i dag til rekreasjon og lokalt landbruk/selvforsyning. Området og ferdselsveiene brukes også til jakt fiske og friluftsliv, noe som i tillegg til å være en viktig form for rekreasjon også bidrar til matauke i form av høsting av naturens overskudd.</p> <p>På vestsiden av veien i samme område har firmaet MK Myklebust AS etablert seg med baseanlegg og allerede etablert industri i området. Selve etableringen av dette inngrepet fulgte ikke spillereglene i plan og bygningsloven. Etableringen ble først stoppet av kommunen, men kommunen ga etter en tids saksbehandling dispensasjon. Fylket godtok dispensasjonen men halverte arealet i forhold til hva som opprinnelig var omsøkt med begrunnelse i at det var LNF område. NMF er av den oppfatning at tilsnikelser av denne sorten ikke bør belønnes ettersom slik man her legger opp til, men at det heller bør være begrensende når noen har forsøkt å omgå spillereglene. Området er i dag utskilt fra 75/5 med eget gårds og bruksnummer. Eiendommen søkes nå utvidet med et betydelig areal, som ved en eventuell omregulering vil medføre store ulemper for lokalbefolkning, hevdrettet bruk av området og naturverdiene her.</p> <p>Utbygger hevder i denne forbindelse at åsryggen, Vassenden med fallende terreng i tre retninger (nord, sør og vest) egner seg godt til blant annet næringstomter. En slik vi ser det skremmende</p>	<p>Det er gjort vurderingar av området i konsekvensutgreiing. Her er det gjort vurderingar knytt til landskapsbilete, strandsone (vassdrag), naturmangfald, naturressursar, kulturarv, friluftsliv og bygdeliv, klimautsleppsreduksjon, lokal og regional utvikling, samfunnstryggleik, samt oppsummering av området. Disse vert ikkje gått inn i detalj på her. Viser til konsekvensutgreiing for området, og vurderingar som er gjort her. Utover dette er det lagt krav om detaljregulering for N41 og N42. Dette inneber krav om meir detaljerte vurderingar før eventuell utbygging av</p>

		<p>upresis vurdering da denne kun tar utgangspunkt i utbyggers økonomiske egeninteresse, og glatt overser alle naboer, bruk av området pr i dag og naturverdier i området.</p> <p>Visuelt og landskapsestetisk sett vil en næringspark på Vassenden, med forespeilede rubb haller og andre industrielle installasjoner være en katastrofe. Eksponeringen vil være massiv, terrenget tatt i betraktning og en rekke eiendommer vil få utbyggingsområdet midt i synet. Eiendommene på Håland, Berge, Rakneberget og Strand vil bli berørt direkte, i tillegg til at man kan forvente et en rekke andre også blir berørt indirekte i form av økt trafikk, både i anleggsperioden og i drift, samt at tap av naturverdier jevnt over berører alle.</p> <p>Fra gammelt av har området vært mye brukt, særlig vil vi peke på det betydelige antall kverntufter og ledesystemer for vann til disse i området, og den gamle veien som fremdeles brukes og vedlikeholdes av lokalbefolkning som bruker området både til matauke i form av jakt, fiske, høsting og til rekreasjon/friluftsliv. Den eldste gården i området har tufter datert helt tilbake til 1200 tallet og man kan forvente at i alle fall noen av kverntuftene også daterer seg til dette tidsrommet. Strandavatnet er fremdeles for mange en viktig kilde til friluftsliv, og brukes til alt fra fiske til bading om sommeren. Grunneierne i området har rettigheter i vannet og benytter både området og veien opp dit flittig. NMF setter stort spørsmålsteget ved den foretatte konsekvensutredningen, som konkluderer med at området ikke brukes, hverken til friluftsliv eller som rekreasjonsområde og ellers ikke viser til noen særlige forhold som bør tas hensyn til. Særlig reagerer vi på at de mange åpenbare fortidsminnene i området i form av klopper over bekken «Likjegroa», tufter etter kvernvirksomhet og gamleveien ikke er belyst og vi forventer at det kommer egne innsigelser på dette fra lokale eller riks antikvaren. Vi mener det også er på sin plass å kreve at området undersøkes av fagfolk på kulturminner for å få en kvalitetsikret vurdering på om området bør fredes/vernes på bakgrunn av mengden kulturhistoriske elementer som er på dette heller begrensede arealet.</p> <p>NMF har en viss forståelse for at det ikke alltid er like lett å konsekvens utrede et område som dette, når man ikke har vært der, men stiller allikevel som et minimumskrav at man ser på tilgjengelige flyfoto over området man utreder. Hadde men tatt seg bryet med å gjøre dette hadde man enkelt kunnet se at veien/stien inn til Strandavatnet er i bruk og holdes i hevd. Både stien og deler av kverntuftene er synlige på flyfoto hos Gule Sider Kart! Hele konsekvensutredningen burde på dette enkle grunnlag leveres tilbake og all betaling kreves refundert. Å i en konsekvensutredning skrive at «Området er ikkje brukt til friluftsliv- eller rekreasjonsområde. Tiltak som ikkje er i nærleiken av friluftsverdiar eller bustadar» for deretter å vektlegge konsekvensen som ubetydelig kan vanskelig kalles annet enn en forfalskning av dokumentet.</p> <p>Slike forfalskninger av konsekvensutredninger er ikke uvanlige men svært skadelige. Kommunen har liten mulighet til å ettergå konsekvensutredningen nøye og må stole på saksopplysninger og vurderinger gjort i utredningen. Når konsekvensutredningen faller på noe så enkelt som et kart søk må man jo stille spørsmål om hva mer som er utelatt, eller oversett til utbyggers fordel.</p>	<p>området. Det er vurdert at konsekvensutgreiinga er tilstrekkeleg for utgreiing på overordna plannivå, i lys av at det er krav om ytterlegare regulering før utbygging av området.</p> <p>I reguleringsarbeid vil omsyn som her er påpeikt vere relevante vurderingsmoment. Både omsyn til eventuelle friluftslivinteresser, landskapsestetikk, kultur, vassdrag med gyteområde, og andre relevante omsyn. Visning til gard med tufter tilbake til 1200-talet er døme på omsyn som vil vere relevante vurderingsmoment i detaljreguleringsprosess.</p> <p>Området er vidare redusert frå 99.9 daa frå 3 gongs høyring til 70,8 daa i denne høyringsperioden. Denne reduksjon omfattar areal mot bekk i sideelv som er omtalt i merknad som «Likjegroa».</p> <p>Det er til orientering sett krav i føresegn om utbetring av fylkesveg før</p>
--	--	---	--

	<p>At området er biotop for Huggorm har man også glatt oversett. Dette fredede og utrydningstruede krypdyret treffes ofte i området sommerstid og ser ut til å trives svært godt i den unike naturtypen i området.</p> <p>Terrenget mellom Hålandsfossen og Vassenden er av en spesiell naturtype med mye elv og breerodert fjell i dagen, ispedd grus, morenemasser og myrdrag.</p> <p>Tap av leveområde i form av nedbygging av natur er listet som den største enkelttrusselen mot sårbare arter, naturtyper og større komplette økosystemer. Det er lett å se alle nedbygginger i en kommune eller en nasjon som en rekke enkeltsaker, men faktum er at det er summen av alle disse som gjør at verden er på vei mot, og i gang med en masseutrydning av arter verden over. Dette skjer også her hjemme i Norge. Så også i Fjaler kommune.</p> <p>Vi mener at Fjaler kommune heller bør bevare dette området som en buffer mot de arealendringene som allerede er gjort i form av masseuttak, baseanlegg og deponi.</p> <p>Mye tyder på at området også i stor grad er uegnet som anleggsområde, da støv og finmasser fra anleggsperioden og ved normal drift vil drenere til Hålands vassdraget og utgjøre en risiko for livet i den lakseførende delen av elven. Særlig vil bekken «Likjegroa» føre med seg store deler av avrenningen fra området og ned til Hålandselva hvor både nederste del av «Likjegroa» og denne delen av selve Hålandselven er svært betydningsfulle for laks og sjøørret yngel i deres første og mest kritiske leveår.</p> <p>Steinstøvet fra slik virksomhet er så fint at det i høye konsentrasjoner tildekker gjeller hos fisk og insekter som puster med gjeller, noe som fører til kvelning og død på samme måte som hos et menneske som oppholder seg i ekstremt støvfyllte miljøer hvor lungene til slutt vil miste evnen til og oppta oksygen med påfølgende kvelning og død som resultat. Ett annet faremoment ved steinstøv i gyteområder er at finmassene dekker til de naturlige hulrommene i elvegrusen hvor rogn, yngel og annet liv oppholder seg. Er det ikke mellomrom mellom grus og småstein i elvebunnen har hverken rogn, yngel eller insekter noe sted å være og vil i ytterste konsekvens dø ut fra elvestrekningen. Vi undrer oss over at dette ikke er vektlagt under konsekvensutredningen, siden ingen kan påstå at man ikke kjenner til skadevirkningen steinslam av denne typen gir på vannlevende organismer som puster med gjeller nå i 2020. Dette var muligens et problem man ikke kjente omfanget av for 30 år siden, mens dagens entreprenører og ansvarshavende har godt utarbeidede retningslinjer de følger, både med hensyn på miljø og alle andre deler av virksomheten. At man da velger å overse faktorer som dette, kan ikke skyldes på menneskelig svikt men må anses som en meget bevist handling. Enten for å spare tid og penger eller av rent bekvemmelige hensyn. Entreprenør bransjen har de senere år hatt en rivende utvikling og det har skjedd mange positive utviklinger på blant annet miljø, derfor er det svært viktig at man ikke tillater at noen lar være å ta hensyn til dette.</p> <p>NMF er også kjent med at kommunen under forrige kommunestyre erklærte klimakrise og ønsker å berømme kommunen for dette. Samtidig vil vi minne kommunen på at klimahensyn også omfatter generelle miljøhensyn og også handler om å ivareta en så komplett natur som mulig, også lokalt.</p>	<p>eventuelle tiltak på N42.</p> <p>Det er ellers teke inn føresegn som skal sikre gyte- og oppvekstområde, vasskvalitet, anadrom villfisk m.m i føresegn 1.7.6 i utkast som ligg til offentlig ettersyn her. Disse føresegnene er generelle, og viser til at ein må følge gjevne krav som er vist til i føresegn. Disse er gjeldande på generelt grunnlag.</p>
--	--	---

		NMF oppfordrer med dette kommunen til å finne bedre egnede næringsarealer, hvor det lar seg gjøre å gjennomføre utvidelse av næringsarealer uten at det går på bekostning av naturverdier, lokalbefolkning eller kommunens selvbergingsevne.	
	Arne Helle	Som eigar av gnr. 75 bnr. 6 er eg sterkt imot at min eigedom skal endrast frå LNF til næring. Avrenning frå meir anleggsverksemd/etablering av næringspark vil øydelegge gyte- og oppveksttilhøva i Hålandstjørna og sideelver. Villaksen er raudlista. Topografi, naturkvaliteter, eksponering og auka trafikk – alt taler i mot N42. Meir nedbygging/rasering av Hålandsmarka må ikkje skje.	Viser til kommentert merknad frå Norges Miljøvernforbod. For punkt som er nemnt i denne merknad vert det særleg presisert at det er tatt inn enkelte føresegner som skal vere avbøtande for dette tilhøvet. Vidare vert det presisert at det er krav om detaljreguleringsplan for N41 og N42, samt at areal er avgrensa mot sideelv til denne høyringsperioden.
	Storeelva elveeigarlag	Vi viser til plan for område N42, og vil påpeike at det for all bruk av området må sikrast at det ikkje vert avrenning av slam eller anna forureining til vassdraget, eller at det vert gjort andre tiltak som kan ha skadeleg innverknad på vassdraget. I området frå kraftstasjonen og nedover ligg viktige og gode gyteplassar for laksen. Laksen i vassdraga våre er no komt på raudlista. Det må vurderast om aktiviteten kan vere eit trugsmål mot fiskestamma i elva, og i så fall må fullt ut avbøtande tiltak setjast i verk. Vi imøteser ein grundig analyse av dette med tilrådingar om kva som bør gjerast for å sikre vassdraget. Vi grunneigarar ved Storelva ynskjer å få informasjon om korleis desse spørsmåla vert handterte.	Viser til kommentert merknad ovanfor frå Norges Miljøvernforbund, samt Arne Helle. Grundig analyse av dette er meir nærliggjande ved utarbeiding av detaljreguleringsplan jf. kap.12 i plan- og bygningslova.
	Atle Ellingsen, Berit Hekland, Olvar Håland-Ellingsen, Frid Ellingsen	Frå Fjellsenden, ved Vassdalsvegen 53 går det merka sti mot Strandavatnet. Stien følgjer i store trekk gamal ferdslveg. Landskapet er variert. Først gjennom velstelt beite/kulturmark med høgrest einer, bærmark og flyttblokkar.CO2 lagring i myr på både sider av Likjegroa. Bruk nr.26 har brønn i bekkekanten. Stien held fram over ny og gamal klopp opp mot isskurte berg/sva. Utsyn/eksponering mot nord. Tydeleg gamal veg fører vidare gjennom tett vegetasjon ned til Strandavatnet. På høgda skilting som syner vegen vidare mot Lynje. Ved Strandavatnet endar vegen ved restane av gammalt naust. Her ligg det kano og det er fine tilhøve for bading, bålbrenning og fiske.	Viser til kommentert merknad frå Norges Miljøvernforbod. Konsekvensutgreiinga er supplert med bakgrunn i merknaden.

		<p>Området er også viktig for viltstell-trekkerte, revir og jakt.</p> <p>På Håland kan det dokumenterast gardsdrift/busetnad langt attende i Mellomalderen (til 1200-talet). I denne delen av Hålandsmarka er det mange døme på at området har vore mykje brukt: Kloppar, vegar og murar etter fleire møllebruk.</p> <p>Stien er start/slutt på rundtur "på nye og gamle vegar rundt Hålandsfossen" som er tatt inn i kommuneplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2022-2026.</p> <p>I sum talar alt mot realisering av N42. Etablering av næringspark vil forringe verdien av bruka/eigedomane på Håland. Auke i trafikkvolum som allereie er i grenseland, vil redusere tryggleik og livskvalitet. I tillegg kjem det visuelle, støy- og luftforureining og andre negative miljø konsekvensar for bygda og alle som bur slik at dei har utsyn mot sør, t.d. Berge og Rakneberg.</p>	
	Berit Hekland, Atle Ellingsen, Olvar Håland- Ellingsen	<p>Likjegroa er ei sideelv til Storelva. Ho kjem ned frå Hålandsheia, renn langs knuseverket på 75/1 og vidare gjennom N42 på 75/6,10 og 4.</p> <p>Bekken er habitat for bekkeare og i dei nedre partia står det/går det opp mykje laks- og sjøaure yngel, jamnfør rapport frå rådgivande biologar utarbeidd i samband med etableringa av ny trafostasjon ved Hålandsfossen kraftstasjon. Det er desse sideelvene som er barnehagen til den lokale stammen av den raudlista arten. Til tider gjer ureina vatn frå masseuttaket livet utriveleg for yngel og smolt og er også eit alvorleg trugsmål mot gyte- og oppveksttilhøva i Hålandstjørna.</p> <p>I 1995 blei det bygd laksetrapp i Haugafossen Målet var at laks og sjøaure skulle få tilgang til Hålandstjørna med gode tilhøve for gyting og oppvekst Denne trappa har vore ein suksess for dei lokale stammene av anadrome fiskeslag i Storelva. Når vassføringa er god går det opp mykje fisk. Tjørna er mål og endestasjon og er det viktigaste partiet av Storelva som lakseførande vassdrag. Fisken samlar seg og vert ståande i dei djupe partia av elva Seinhaustes foregår paring og gyting på dei grunne, flate partia lengre oppe</p> <p>Sumarstid kan alle som ferdast langst Vassdalsvegen på Håland, sjå at det står mykje fisk i Hålandstjørna. I veke 24 i 2021 vart det fiska 11 laks på over 3 kg, til saman 50 kg i vår sone. Sjå fangstrappport. Det plar også vere rikeleg med sjøaure Tjørna.</p> <p>Avrenning frå deponi, knuseverk og anna anleggsverksemd har dei seinare åra ført slam og næringsstoffer ut i elva. Partiklar vert avsett i elvegrusen og sedimenta dekker gyteområda Næringsstoff leiar til attgroing og forringa oppvekst tilhøve.</p> <p>Ny anleggsverksemd og utbygging av næringspark med avrenning mot Likjegroa og vidare ned i Hålandstjørna/Storelva, er totalt destruktivt for dei anadrome fiskeslaga og må ikkje skje. N42 må takast ut av arealplanen.</p>	<p>Areal er redusert mot omtalt sidebekk. Sjå oppdatert plankart til denne høyringa. Viser elles til kommentert merknad frå Norges Miljøvernforbund. Det er tatt inn føresegner som skal verke avbøtande for blant anna gyteområde. Sjå føresegn 1.7.6 i føresegsdokument.</p>
	MDG	<p><u>Det foreslåtte utvida næringsarealet N42 skal takast ut av plankartet. Området skal framleis har LNF-føremål.</u></p> <p><i>Oppsummering:</i> Ei endring av arealføremålet for området N42 frå LNF til næringsføremål vil vere i konflikt med naturmangfaldslova, vassforskrifta, mål for reduksjon av klimagassutslepp, nasjonale</p>	<p>Viser innleiingsvis til kommentert merknad frå grunneigarar, elveigarlaget, samt Norges</p>

	<p>interesser, fire av hovudmåla i samfunnsdelen av kommuneplanen og samfunnsinteressene til lokale innbyggjarane. Planforslaget for mange enkelte tema overskrider eit akseptabelt nivå for verknader.</p> <p><i>Merknader:</i></p> <p>Naturmangfald</p> <p>Heile området N42 er innafor hotspots for raudlista truande artar av både lav og mose (topp 10 % av områda med høgast predikert førekomst) som vist i Miljødirektoratet Naturbase, ei av kunnskapkjeldene brukt til å utarbeide KU. N42 er ikkje kartlagt for naturmangfaldet. Det står i KU s. 309 at «Område som ikkje har registrerte naturtypar eller raudlista artar, men som likevel kan ha eit potensiale for, må undersøkjast nærare ved regulering og byggjesøknad.», men då må kommunen ha ei tydeleg føresegn om dette. <u>Den einaste måten å sikre potensial naturmangfald er å ikkje endre arealføremålet til næringsutbygging.</u></p> <p>Naturmangfaldlova § 9.(føre-var-prinsippet) seier at «Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet.» Det vil vere umogleg å verne potensielle raudlista trua lav- og moseartar i N42 frå vesentleg skade viss arealføremålet vert endra til næringsføremål med ei utbygging som vil øydeleggje leveområdet for desse trua artane. Sidan det heller ikkje er lagt opp til føringa i KPA for avbøtande tiltak for desse potensielle raudlista artane av lav og mose i utarbeiding av reguleringsplanen eller føresegnar, er den einaste konklusjonen at N42 må framleis ha LNF føremål for å sikre naturmangfaldet. <u>Vurdering av naturmangfaldet for N42 i KU må difor har raudfarge.</u></p> <p>I Naturbase kartet til Miljødirektoratet kan ein lett sjå hotspots ved å hake av under «ARTER OG ARTSFORVALTNING» på «truede arter – hotspots» og deretter «lav» og «moser». Desse plantene av nasjonal og internasjonal interesse i N42 må takast vare på.</p> <p><u>Noreg har gjennom FN sin konvensjon for biologisk mangfald forplikta seg til å stanse tap av naturmangfald.</u> Som oppfølging av biomangfaldkonvensjonen la regjeringa fram naturmangfaldmeldinga (Meld. St. 14 (2015-16) Natur for livet), kor det slås fast at «<u>ingen arter og naturtyper skal utryddes, og utviklingen for truede og nær truede arter og naturtyper skal bedres</u>». <u>Ifølge stortingsmeldinga er vern av leveområde med særleg høgt mangfald av trua artar, såkalla «hotspots», eit godt verkemiddel for å ta vare på desse artane for å raskast mogleg stanse tapet av naturmangfald.</u></p> <p>Ifølge det internasjonale naturpanelet (IPBES) utgjer endra arealbruk, til dømes i form av nedbygging, ein større trussel mot verda sitt naturmangfald enn både overutnytting, klimaendringar, forureining og spreining av framande artar. <u>Å ta vare på artane sine leveområde er difor den beste måten å ta vare på naturmangfaldet.</u> Dette gjeld spesielt sjeldne og trua artar, som ofte er svært spesifikke i sine val av leveområde og difor særleg sårbare for endringar i arealbruk.</p> <p><u>N42 er peika ut som eit slikt leveområde som må takast vare på og heller utviklast enn øydeleggast.</u></p>	<p>Miljøvernforbund angående kva tiltak som er gjort. Særleg relevant er avgrensing av området, føresegnar og krav om detaljregulering.</p> <p>Detaljreguleringsplan vil sikre at eventuell utbygging vert opplyst gjennom ein detaljert prosess med krav om utgreiing m.m. i tråd med bl.a. kap.12 i plan- og bygningslova.</p> <p>Merknaden er teke til orientering.</p>
--	---	--

Kunnskapen om dette kjem frå Norsk institutt for naturforskning (NINA) som har identifisert hotspots for lav og mosar i Noreg, inkludert N42 med bakgrunn i trua artar i Norsk raudliste.

Lav

Hotspots for trua lav: Ifølge Norsk raudliste for artar 2015 er 217 norske lavartar trua av utrydding grunna i all hovudsak arealbruksendringar, som endringar i kulturlandskapet og utbygging.

Mange artar krev fuktigheit, så nedbør og nærleik til elv er viktige faktorar, som i området N42.

Hotspot-karta gir ei god oversikt over viktige område for naturmangfald på nasjonal skala og er difor veileigna for planlegging av kva slags område som skal prioriterast i arbeidet med å stanse tap av naturmangfald.

Hotspot-karta viser kor i Noreg vi forventar å finne størst førekomst av trua artar.

Karta seier kor naturforholdet på staden tilseier at potensialet for slike hotspots er størst og erstattar ikkje kartlegging av artar og naturtypar, som har ikkje vore gjort i N42. Slike kart er eit godt verktøy for overordna planlegging og er svært relevante for forvaltning av norsk natur.

Mosar

Gjennom å danne myr er mosar heilt eineståande i si evne til karbonlagring og flaumdemping. Ifølge Norsk raudliste for artar 2015 er 142 norske moseartar trua av utrydding, grunna i all hovudsak forverring av leveområde som følgje av endra arealbruk. Mosane er meir sårbare for arealbruksendringar enn mosar.

Konsekvensane må vurderast ut frå at dei er irreversible, ved at potensial trua naturmangfald går tapt som følgje av utbygginga. Sidan konsekvensane for fleire tema enn berre samfunnstryggleik blir svært store, medfører det at den samla vurderinga av konsekvensane for utbyggingsforslaget blir svært stor. Sidan området har negative konsekvensar for fleire miljøtema, må det takast ut av planen som framtidig næringsareal.

Vanlege livskraftige artar og naturtypane blåbærskog og myrflater i N42 har også verdi fordi dei leverer gratis tenester som karbonbinding, karbonlagring, flaumdemping, sjølvforsyning av mat og naturopplevingar. Difor bør N42 framleis ha LNF føremål.

MDG Fjaler har frå eiga synfaring i N42 i september 2021, klart å identifisere desse livskraftige artane, der fleire av dei krev fuktigheit:

Blåbær, tyttebær, einer, skogstjerne, maiblom, bøk, bjørk, bjørnekam, stri kråkefot, linnea, torvmose, bjørneskjegg, tepperot, raudknapp og klokkelyng. I tillegg såg vi ulike soppar.

Artssamansetjinga vil variere gjennom året, så det er sikkert mange fleire artar som vi ikkje har sett eller ikkje kan identifisere. Skogen er særleg viktig for karbonbinding og -lagring og myrflatene har viktig forvaltningsverdi, for karbonlagring og flaumbuffer for å nemne noko. Utbygging av skog og myr gir negativt klimautslepp (rekna til 4080 tonn i KU), som er uansvarleg og i strid med målet om netto nullutslepp!

Konsekvensutgreiinga viser at det utvida næringsarealet vil auke klimagassutslepp i strid med internasjonale, nasjonale, regionale og kommunale mål om å redusere klimagassutslepp.

	<p>Torvmose absorberer store mengder med vatn og er difor flaumdempe, i tillegg til at det føregår forskning i våre dagar med tanke på å finne fram til naturlege konserveringsmidlar for matvarer, sidan nedbroten torvmose er kjent for sine konserverande eigenskapar.</p> <p>Torvmose er også antiseptisk, sårlækjande og kløedempande og brukast difor som sårforbindingsmateriale, omslag på hevingar, hudsjukdomar, ved gikt og på kløande insektstikk.</p> <p>Soppsanking og bærplukking i N42 gjev kortreist mat til innbyggjarane, inkludert einerbær som brukast som matingrediens, som krydder og smakstilsetning.</p> <p>Innbyggjarane har tidlegare spela inn at dei haustar også hasselnøtter, i tillegg til blåbær, tyttebær, einebær og sopp.</p> <p>Hjortetrek og hjortespør, samt tidlegare innspel frå jaktlaget, viser at området er også viktig for hjortejakt og forvaltning.</p> <p>KU skal leggje vekt på lokal kunnskap. Vi viser til <u>naturmangfaldslova § 8.(kunnskapsgrunnlaget)</u> der det står:</p> <p><i>Myndighetene skal videre <u>legge vekt på kunnskap som er basert på generasjoners erfaringer gjennom bruk av og samspill med naturen</u></i></p> <p><u>Ei endring av arealføremålet for N42 til næringsutbygging vil ta frå dagens og framtidige generasjonar moglegheita for ei berekraftig bruk av og samspel med naturen i området som vert øydelagt.</u></p> <p>Salver laga av den tørka rota til tepperot har vore brukt til å lækje blødingar og diaré. Den har også blitt brukt som matkjelde og til å farge lær raudt.</p> <p>Blomane er viktige for pollinerande insekt og vi observerte humler på blomeartane i N42.</p> <p>Mange augnestikkar var å sjå over myrene og mykje fuglesong i skogen vitna til eit yrande fugleliv.</p> <p>Med observasjon av mange maurtuer er N42 klart eit viktig leveområde for mange insekt.</p> <p>Det er bra at det står i KU at «Naturmangfaldet må kartleggjast nærare i dei framtidige områda for bygg og anlegg. Det må vere tema ved oppstart av planarbeid.», men det er <u>då for seint i reguleringsplanfasen å endre arealføremålet for heile området tilbake til LNF!</u></p> <p>Villaksen i Hålandstjørna like nedanfor N42 kom på raudlista i 2021 og må difor vernast frå ytterlegare skader ved å unngå utbygging i N42 – avbøtande tiltak i ein reguleringsplan vil dessverre ikkje vere nok til å hindre skade.</p> <p>Både laksen og dei raudlista fugleartane registrert i nærleiken til N42 er av nasjonale forvaltningsinteresse.</p> <p>Mange lokale observasjonar rundt N42 tyder på verdifullt naturmangfald.</p> <p><u>Når slike verdier av viktig nasjonal betydning kan bli rørt av utbygginga, er det krav i naturmangfaldlova om innhenting og synleggjering av ny kunnskap om naturmangfald, elles er grunnlaget for å fatte planvedtak for svakt.</u></p> <p>Viss det ikkje er henta inn ny kunnskap, ha naturmangfaldlova sjølvstendig betydning. Det manglar fleire avbøtande tiltak i KU og dermed føreseger om desse, t.d. etter pbl 11.9 nr 8 om nærare undersøkingar, kartlegging eller utarbeiding av miljøoppfølgingsprogram.</p>	
--	---	--

Det skal i arealdelen gjerast greie på forhold som skal avklarast og synleggjerast nærare i tilknytning til seinare regulering av området.

I fråvær av desse føresegnene og med tanken på føre-var prinsippet, er det rette å ikkje endre arealføremål frå LNF til næringsføremål, for å sikre naturmangfaldet.

Naturfare:

Bekken gjennom N42 er i følgje NVE ei flaumaksomheitsflate, med 30 m kantsoner på kvar side av bekken. Sjå

<https://geocortex01.miljodirektoratet.no/html5Viewer/?viewer=Naturbase&layerTheme=&scale=320000&basemap=¢er=414626.19591905724%2C7246575.226483784&layers=3Ex1y7>

Dette området rundt bekken må takast ut av planen som næringsareal.

Landskap:

Ei stigning frå 80m til 160m i knapp 400m avstand er bratt og vanskeleg terreng å opparbeide næringsareal i, med ein djup dal (bekkedraget gjennom området med kantsoner som må ivaretakast). Gardskart opplyser at hellinga er over 1:3 og mellom 1:3 og 1:5:

<https://gardskart.nibio.no/landbrukseiendom/4646/75/6/0?gardskartlayer=helling>

Tiltaket vil vere i strid med vassforskrifta om å ikkje redusere miljøkvaliteten på vassførekomstar.

Vassforskrifta § 4. Miljømål for overflatevann:

Tilstanden i overflatevann skal beskyttes mot forringelse, forbedres og gjenopprettes med sikte på at vannførekomstene skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand.

Vassførekomst: Elv frå Hålandsnipa, vassdraget som renn gjennom N42, har eldre data frå 2015 som bør oppdaterast i lys av masseuttaket si påverknad dei siste åra. Etter at kvaliteten på datamaterialet er oppdatert med dokumentasjon av seinare forureining av bekken, kan kommunen ta ei ny vurdering. I alle fall vil utbygging av N42 påføre ny forureining som kan forverre økologisk og kjemisk tilstand i bekken:

<https://www.vann-nett.no/portal/#/waterbody/082-209-R>

Det er bra at «Det er lagt til grunn ei generell vurdering av at vassdraget med kantsoner har viktige økologiske funksjonar og skal beskyttast mot utbygging.» i KPA, men dette må visast meir tydeleg for bekken gjennom N42.

Vassførekomst: Storelva nedstraums utløp Hålandsfoss kraftverk (Vassførekomst ID: 082-198-R <https://www.vann-nett.no/portal/#/waterbody/082-198-R>) har allereie økologisk tilstand berre «moderat» og nye tiltak er nødvendig for å nå god miljøtilstand. Tilstandsvurdering for laks er dårleg. Kommunen kan ikkje forverre miljømåla ytterlegare ved åpne for utbygging av nær 100 daa med næringsareal like ovanfor Hålandstjørna/Storelva.

Bekken gjennom N42 og Hålandstjørna er allereie påverka av frå fleire hald, t.d. knuseverket, kraftstasjonen, lakselus og rømt oppdrettsfisk, partiklar frå fyllingar. Ein må hugse på naturmangfaldslova § 10. (økosystemtilnærming og samlet belastning):


		<p><i>En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for. Det utvida næringsarealet vil føre til utgifter til infrastruktur som kommunen ikkje har råd til.</i></p> <p>Kommunen kjenner frå utbygging av bustadfelt på Steia og Bjerga at det krev infrastruktur, til dømes, vatn og avlaup. Erfaringa frå både bustadfelt og Lutelandet tilseier at det vil koste kommunen titalmillionar å føre fram vatn og avlaupsanlegg til N42. Dette har ikkje kommunen råd til med den høge lånegjelda. Uansett vil <u>alle</u> innbyggjarane i Fjaler tape, anten ved tap av tenester (kor mange fleire lærestillingar skal vi kutte for å betale ned lånegjelda til framføring og etablering av VA-anlegg til N42?) eller når lånet skal tilbakebetalast gjennom sjølvkost, vert vatn og avlaupsgebyra skyhøge i lang tid framover.</p> <p>Skal Strandavatnet tapast for vatn, vil det kome i konflikt med straumproduksjon på Hålandsfossenkraftverk.</p> <p>Endring av arealføremålet til næringsføremål vil vere i strid med Vestlandsscenario og Vestland fylkeskommune sin næringsplan: Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033</p> <p>På side 21 i den regionale planen står det at «<u>Ny næringsutvikling og ny industri må gjerast med ei målsetting om at det skal gjerast utan nye naturinngrep.</u>» Både Vestlandsscenarioet og Berekraftig verdiskaping framhev «<u>Areal til å skape ny industri utan å gjere ytterlegare naturinngrep</u>» som eit konkurransefortrinn.</p> <p>I rapporten Grøn Region har HAFS fargen grøn – bra tilgang til næringsareal. Fjaler har på Lutelandet eit område på nær 3 000 daa tilrettelagt for næringsutvikling. Det viser at det er fullt mogleg med næringsutvikling der utan nye naturinngrep. Kommuneplanen legg opp til rikeleg med bustadareal nær Lutelandet, slik at utviklinga kan skje desentralisert, i utkanten av kommunen.</p> <p>Kommuneplanen har ny næringsareal i Kvamen og Flekke rett ved Fv.57 i nærleiken til Dale.</p> <p>I tillegg til 3000 daa på Lutelandet nemnt ovanfor, legg KPA opp til nytt næringsareal i nærleiken til Dale, både 35,8 daa N45 og N46 i Kvamen og 48,6 daa N20 og N21 i Flekke, <u>til saman 84,4 daa nytt næringsareal.</u></p> <p>84,4 daa med nytt naturinngrep nær Dale er meir enn nok, når målet er næringsutvikling utan naturinngrep!</p> <p>Ei samla vurdering viser at å endre N42 frå LNF- til næringsføremål er i strid med mange av hovudmåla i samfunnsdelen av kommuneplanen, føringar som arealdelen skal følgje.</p> <p>Endring av arealføremål frå N42 er i strid med desse hovudmåla:</p> <p>Hovudmål:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Fjaler kommune skal vere ein god og trygg plass å bu med fokus på folkehelse og gode oppvekstvilkår. - Fjaler kommune skal ivareta innbyggjarane sin samfunnstryggleik. - Fjaler kommune skal redusere utslepp av klimagassar og miljøskadeleg stoff. 	
--	--	--	--

		<ul style="list-style-type: none"> - Fjaler kommune skal sikre ei berekraftig forvaltning av naturressursane og ivareta viktig natur- og kulturlandskap. <p>Det er <u>berre eit hovudmål</u> som kan tale for arealendringa:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Fjaler kommune skal ha vekst i næringslivet. Veksten skal skje i eksisterande verksemder og i nye arbeidsplassar, <p>men dette målet seier at veksten skal skje i <u>eksisterande verksemder</u> – kor mange eksisterande verksemder vil ha både fordel og råd til å omlokalisere seg utanfor bygdesenteret og trivst innafør støysona til knuseverket på Vassenden?</p> <p><u>Det er ikkje noko i pbl. som tilseier at målet om vekst i næringslivet skal trumfe fire av dei andre hovudmåla i kommuneplanen. Utifrå dagens situasjon med klimakrise og naturmangfaldskrise, samt viktige omsyn til tryggleiken, helse og trivsel til eksisterande innbyggjarane, må dei fire andre hovudmåla vektleggast høgare.</u></p> <p>Og dessutan, kan arealendringa også strir imot det overordna måla om positiv folketalsvekst i hovudsak i aldersgruppa 20-40 år, når unge vaksne har gitt uttrykk for at dei ikkje vil returnere til Fjaler for å drive vidare viktig landbruksnæring på Håland viss N42 vert næringsareal, med ulempene for gardsdrifta det inneber.</p> <p><u>Med konflikt med så mange hovudmål i samfunnsdelen, er det uforståeleg at KU påstår at «Tiltaket er i samsvar med lokale mål for utvikling slik det er føresett i samfunnsplanen.»</u></p> <p>Konsekvensutgreiinga tek ikkje god nok omsyn til stien gjennom området som er i den vedtekne langsiktige delen av Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.</p> <p>Stien «Rundt Hålandsfossen», som går gjennom N42, ligg i den langsiktige delen av kommunedelplanen. Å byggje ned denne stien vil ta frå innbyggjarane moglegheita å gå på ein sti gjennom naturen i ulendt terreng som likevel er overkommeleg for born og eldre. Dei vil sitje igjen med få alternativ i nærmiljøet som å gå på tur langs ein smal og trafikkfarleg fylkesveg.</p> <p>Friluftsliv</p> <p><u>Det føreslåtte næringsområdet N42 legg beslag på eit viktig friluftsområde for lokale innbyggjarar på Håland.</u> Friluftsområdet, brukt av bærplukkarar, har ein eldgamal sti som gjev tilgang til det attraktive fiskevatnet Strandavatnet. <u>Utbyggingsforslaget direkte beslaglegg over 90 daa friluftsområde og indirekte påverkar opplevinga av eit vesentleg større område</u> (området vert sett frå utfartsstiar som den Trondhjemske postvei og Jarstadheia.) Det er lite erstatningsareal for friluftsliv med kvalitetane til N42 i denne delen av kommunen (Håland), og verknaden av utbyggingsforslaget må vurderast difor som stor for tema friluftsliv, <u>med raudfargen i KU.</u> Endå fleire tema med raudfarge tilseier at N42 må takast ut.</p> <p>Uheldig presedens å løne eit ulovleg inngrep i LNF-område N42 ved å endre arealføremålet til inngrepsområdet i ein kommuneplan.</p> <p>Det er berre 8 daa eksisterande næringsareal i 75/37 (N41) å samle næringa til, så argumentet om samlokalisering er svak.</p>	
--	--	---	--

	<p>Steinbrotsverket/masseuttaket på 75/1 skal tilbakeførast til LNF ifølgje konsesjonen og grunneigaren, så ein sit igjen med berre 8 daa som fekk dispensasjon i strid med tilrådinga frå Statsforvaltaren.</p> <p>Kvifor er ikkje avstandskrav til stålcontaineren med sprengstofflagring i naboeigedomen 75/5 teig 1 (like over Hålandsfossen frå N42) vurdert, eller DSB informert?</p> <p>Skal ikkje oppbevaring av eksplosivar vere synleggjort i plankartet og planen som næringsaktivitet i LNF-området, med referanse til løyve for sprengstofflager?</p> <p><u>Om konsekvensutgreiinga:</u></p> <p>Konsekvensutgreiinga har ikkje fått fram alle viktige miljø- og samfunnsverdiar i det føreslåtte utbyggingsområdet og verknadene utbygginga kan få for desse verdiane. Dermed er kunnskapsgrunnlaget ikkje tilstrekkeleg til å vurdere alle konsekvensane av utbygginga og for å kunne ta stilling til forslaget om ny arealbruk for området N42 for å vurdere om det aktuelle området eignar seg for den føreslåtte arealbruken.</p> <p>KU til KPA skal vanlegvis vere på eit overordna nivå, men storleiken til endringa i arealføremål, heile 99,9 daa, og det høge konfliktnivået for området tilseier at KU for N42 må vere meir detaljert. Jo høgare antatt konfliktgrad desto meir omfattande og detaljert vil det normalt vere hensiktsmessig å utgreie. <u>Konsekvensane for dei enkelte tema skal supplerast med forhold som lokalkunnskap.</u></p> <p>Oppsummeringa på s.293 i KU tek ikkje for seg dei delvis negative konsekvensane for naturmangfaldet (naturressursar er nemnt to gonger!).</p> <p>Det er ikkje gjort greie for kva slags vurderingar som ligg til grunn for og er vektlagt i den samla avveginga i oppsummeringa på side 293.</p> <p>Veginga er ikkje grunngeven slik at grunnlaget for vurderingane kan etterprøvast.</p> <p>Område av nasjonal verdi (N42 er hotspot for trua artar av lav og mose) bør vektleggjast ved samanstillinga av konsekvensar.</p> <p>I den samla tabellen på s.306 for Dale står det Flekke, ikkje Dale!</p> <p>KU viser at N42 er den mest konfliktfulle arealendringa i Dale området med berre 3 grøne tema, 5 delvis negative og 1 raud. Det mest konfliktfulle av næringsområda som er vidareført. <u>Og fleire tema burde ha hatt raudfarge!</u></p> <p>Dei Grøne er usamd med konklusjonen i oppsummeringa for Dale, at «Samla sett vil arealendringane ha ubetydelege negative konsekvensar for miljøtema og kunne opne for ei positiv samfunnsutvikling i tråd med lokale ynskjer og kommunen sin arealstrategi for området.»</p> <p><u>Øydelegging av naturen og utslepp av klimagassar vil klart har vesentlege konsekvensar for miljøtema og lokale innbyggjarar på Håland ynskjer ikkje arealendringa i N42 –det er tvert om, ei negativ samfunnsutvikling.</u></p> <p>s.308 Likeins er Dei Grøne usamd med samanstillinga av konsekvensane for miljøverknader i Dale-området: «For Dale er det lite negative konsekvensar for miljøtema.»</p> <p>Dei Grøne er usamd med samanstillinga av konsekvensane for samfunnstryggleik på s.309, nemleg at «Trafikkulukker har alvorlege konsekvensar og skjer dessverre med jamne mellomrom. Tiltaka og</p>	
--	--	--


		<p>arealendringane i arealdelen er vurdert til å ikkje forverre situasjonen vesentleg.» <u>MDG kan ikkje forstå at kommunen vurderer at trafikkauka med utviding og utbygging av eit næringsareal frå 8 daa (N41) til nesten 100 daa (N41 + N42) ikkje vil forverre situasjonen vesentleg.</u></p> <p>Forslag som er vurdert og forkasta i planarbeidet (siling) er ikkje tilgjengeleg på kommunens nettsider. Kor er Vedlegg 1 - oversyn over framlegg og siling som KU side 316 omtaler?</p> <p><i>Avsluttande kommentar:</i></p> <p>Dei Grøne har forståing for at arealdelen av kommuneplanen er ei utruleg stor og kompleks sak for både kommunen, innbyggjarane og politikarane å setje seg i, men ser fram til ei slutthandsaming i tråd med KU-forskrifta der det står i § 29.<i>Sluttbehandling av saken</i> at «Ansvarlig myndighet skal ved behandlingen av planen eller tiltaket ta tilbørlig hensyn til konsekvensutredningen <u>og innkomne høringsuttalelser.</u>»</p>	
	<p>Kristoffer Birkeflet</p>	<p>Området N42 som no blir vurdert som industriområde i Fjaler kommune, er omgitt av meget fin, frodig, og historierik natur. Dette er natur som våre forfedre har jobba hardt for å ivareta. Naturressursane som ligg på N42 kan tenkast å ha hatt ekstrem betydning for gardbrukarane på Håland.</p> <p>Kvernhus</p> <p>Langs Hålandsfossen finn vi murar frå 3 gamle kvernhus som har bidratt til å livnære Håland. Det er trulig at det har vert sagbruk i samanheng med kvernhusa. Om du fortsetter ut av N42 og opp på Rognehågen, finn du ei gamal kolmile. Du ser tydelig samanheng mellom områda, og mykje viser til at her har det vert stor trafikk.</p> <p>På heile N42 området finn du gamle murar, vegar som er bygd til hest og kjerre, oppmurt vegtrasê, og bruer. Det er ingen dato på verken kvernhus eller kolmile, men veteranane på Håland meiner at dette må vere tilbake til 1700 talet.</p> <p>Alt dette vil forsvinne om kommunen får det som dei vil.</p> <p>På Hovudgarden på Håland, bruk 75/1, har det vert husmannsplass som igjen viser til den store aktiviteten som har vert i området. Det har blitt gjort 2 store arkeologiske funn på gården. 1 krukke som er uthogd i stein frå 1200 talet, og ei Ringspenne av gull datert til 1300 talet. Vi har og brev og skrivi som daterer heilt tilbake til 1200 talet. Dette er brev frå munkeliv kloster i Bergen. Dette beviser at Håland er ein av dei eldste områda i Fjaler, og med mykje skjult historie.</p> <p>Blir flau av kommunestyret</p> <p>Det er rett og slett flaut at Norconsult og Fjaler kommune har skriva i rapportene sine at her verken er kulturminner, veg, sti, eller verneverdige ting på plassen. Fjaler kommune ville ikkje eingong ut på synfaring for å sjå på området sjølv om eg spurte dei direkte.. Dette er rett og slett uheldig!</p> <p>For å få kommunestyret opp på synfaring måtte eg sjølv invitere kvar og ein av dei på «kaffi og gardsprat». Lite viste dei at det var synfaring eg skulle ha dei med på. I møtet var det fleire naboar, Ruben Oddekalv, og sjølvsagt Firda. I møtet fekk dei innsyn i dei gamle dokumenta frå gården, og vi</p>	<p>Viser til kommentert merknad frå Norges Miljøvernforbund, elveeigarlag, MDG og grunneigarar i området. Desse tek føre seg mykje av dei same tilhøva som er nemnt her.</p> <p>Viser også her til endring i form av avgrensing av området, føresegner og krav om detaljregulering.</p> <p>Detaljreguleringsplan vil sikre at eventuell utbygging vert opplyst gjennom ein detaljert prosess med krav om utgreiing m.m. i tråd med bl.a. kap.12 i plan- og bygningslova.</p>

		<p>gjekk ein tur på N42 for å sjå på kulturminna og vegane som dei meinte det ikkje fannst noko av. Dei var alle like store i auga.</p> <p>Ein stor represent frå kommunen fekk spørsmålet «er det arbeidsplassar eller naturinngrep du ser her» frå Ruben Oddekalv. Han snudde seg mot den noverande industrien på vassenden og svarte tydelig «det er naturinngrep».</p> <p>Personlige meiningar frå Kristoffer Birkeflet</p> <p>Sjølv meiner eg at å lage industriområde på Håland er kunnskapslaus galskap. Her skal dei sprengje uttallige tusen tonn med massar, legge elv i røy, øydelegge hjortefaret, knuse kulturminner, og drepe raudlista artar. Det blir lovbrøt på alle plan om det her går i orden.</p> <p>Ein treng ikkje sjå to gongar før ein forstår at det er venners venner som styrer kommunen og teknisk avdeling i Fjaler. Fjaler kommune eig ikkje, og kjem ikkje til å eige området under eller etter utbygging. Grunneigar av N47 fortalte meg at ein entreprenør har ei munnleg avtale på at dei skal få kjøpe heile området om kommunen bestemmer seg for å bygge ut. Entreprenøren har allereie starta sprenging og masseuttak av området, og dette utan kommunen si godkjenning. I Firda svarar han at «vi treng massar so sårt». Men det er jo eit knuseverk 30m bortafor som aldri har hatt problem med å levere massar?</p> <p>Sjølv meiner eg at Fjaler og Askvoll kommune burde gå ilag om eit felles industriområde. I Askvoll har dei svære områder som er flate, og omtrent gratis å bygge ut. Dei har og vegar som ikkje gjer det livsfarlig for bebuarar å ferdast på. Men uansett kva forslag ein kjem med, blir ein nedstemt, og dei får deg til å føle deg som ein idiot som berre vil øydelegge for utviklinga i Fjaler.</p> <p>Eg håpar virkelig at vi kan stole på Statsforvaltaren, for vi på Håland føler oss heilt hjelpeslause. Hjelp oss!</p>	
	Tore Håland Birkeflet	Her er eit bilde av det flotte området Fjaler kommune vil ta til nærings/industri område.	<p>Viser til kommentert merknad frå Norges Miljøvernforbund, elveeigarlag, MDG og grunneigarar i området. Desse tek føre seg mykje av dei same tilhøva som er nemnt her.</p> <p>Viser også her til endring i form av avgrensing av området, føresegner og krav om detaljregulering.</p> <p>Detaljreguleringsplan vil</p>



Dei vil skyte seg inn bak øverste huset til venstre i bildet. Plassen og området er gammelt, og burde vore verna. Garden min er nevnt tilbake til 1200 tallet. Den gamle ferdselsvegen gjekk også opp her. På grunn av bratt stigning frå huset og opp til strandavatnet, vil ein truleg måtte skyte ut området i fleire høgder/platter/parseller. Det vil bli eit stort knuseverk/masseuttak i mange tiår framover.

sikre at eventuell utbygging vert opplyst gjennom ein detaljert prosess med krav om utgreiing m.m. i tråd med bl.a. kap.12 i plan- og bygningslova.



Støyen ned dalen vill og bli betydeleg, da det ligg heilt ope til. Bildene viser og att eine fossen blir tatt med i anlegget.

Det går også ei elv midt i området. Den renn forbi den store fossen Og vidare ned i Storelva. Den kjem ut i gyteområdet til villaksen.

Ved skyting og planering av dette området, vil det vere stor fare for att slamm og anna forureining blir ført ned i Storelva.

Villaksen er no også på rød liste over trua artar.

		<p>Håper att desse planene blir skrota, og att ein kan finne eit bedre og meir fornuftig område og etablere eit næringsareal på. Å reise opp i «fossane» og etablere industriområde er heilt bak mål etter mi meining.</p> <p>Sjå på det øverste bilde. Det fortel i grunnen alt, synes eg.</p>	
<p>Hanne og Øyvind Dybvik, eigedom 75/21 Arne Helle, eigedom 75/6 Atle Ellingsen, Birgit Hekland, Olvar Håland-Ellingsen, eigedom 75/4 og 75/26 Tom Rune Svenheim-Johansen, leigetakar eigedom 75/4 Tore Birkeflet, Heidi Myklebust, Elias Birkeflet, Kristoffer Birkeflet, eigedom 75/1 Kay Olav Risløw Hjellbrekke og Maren J. Steffensen, Vassdalsvegen 9 Jan Bjarte Berge, eigedom 68/3 Marit Gudmunsos, Vassdalsvegen 17</p>	<p>Det er no endå større grunn en nokon gong til å uroe seg for inngrepa som er planlagde i den nye arealplanen til Fjaler kommune, område N-42 Hålandsfossen/Vassenden.</p> <p>Vi som bur her kjenner oss makteslause i møtet med byråkrati og dei to høyringsrundane som allereie har vore.</p> <p>Korleis kan arealet tredoblast utanom høyring? Møtet 20.oktober 2021 vart varsla 2 dagar før på Facebook og Fjaler Næringsutvikling si heimeside. Kven var der og finst det noko referat frå dette? Korleis kan resultatet av dette møtet komme direkte inn i kommuneplanen? Det opplevast som eit ureint spel.</p> <p>Kommunestyret har vedtatt eit rekkefølgekrav om utbetring av Fv 5671 før noko som helst kan skje av arbeid i det nye arealet, men fakta er at entreprenør MK Myklebust allereie i lang tid har tatt seg til rette på området – og lovbrotet vart synleggjort med artikkel i Firda 25.november 2021. «Eg ga faen...» seier entreprenøren.</p> <p>Det bør og nemnast at entreprenøren hadde ulovleg oppstart i 2013, og ga den gongen og blaffen i spelereglane. Etter varsel frå naboar, vart arbeidet den gong stansa av teknisk etat ved Edvin Bøthun.</p> <p>For oss som bur her på Håland, vert dei same punkta som nemnd i tidlegare høyringsrunder ståande som vedvarande uromoment:</p> <ul style="list-style-type: none"> -Støyande næringsverksemd vil forringe livskvalitet, og store naturinngrep vil vere svært sjenerande for landskapet rundt oss. Dette vil og forringe verdien på husa og tomtene våre. -Trafikktryggleiken på fylkesveg 5671 opp mot Vassdalen, er allereie i dag kritikkverdig. Gjennom etablering av eksisterande næringsareal på Vassenden, har ikkje Fjaler kommune tatt noko ansvar for dette. Ei tredobling av næringsarealet vil auke trafikkvolum radikalt. Vi har i dag allereie mykje sjenerande tungtransport og anna trafikk som går forbi husa våre. Fartsgrensa er 80 km/t -Eit innspel om trafikktryggleik mtp N43, vart av kommunen teken til følge. Her vart det påpeika at ei auke i tungtransport og trafikk på fylkesveg 57 vil utgjere ein betydeleg risiko for born og unge som bruker vegen som skuleveg. Med dei nye planane for N42 vil problemstillinga kring trafikksituasjonen på fv57 stå uendra. <p>Etablering av nytt næringsareal N42, vil krevje store summer for å kunne føre fram kommunalt vatn og avlaup. Dette er sjølvstøtt ein kostnad som vil falle på Fjaler kommune. Her er det store avstandar, og truleg vil det bli krav om høgdebasseng på toppen for å kunne realiserast.</p>	<p>Viser innleiingsvis til merknadar kommentert ovanfor, ettersom desse er knytt til same område.</p> <p>Presiserer særleg at det er krav om detaljregulering for området. Arealet er vidare redusert frå førre høyringsrunde, samt supplert med føresegnar som skal verke avbøtande for enkelte moment som er vist til i merknad.</p> <p>Angående trafikktryggleik er dette omsyn som vert noko fanga opp av utbetringstiltak langs aktuell fylkesveg.</p> <p>Detaljreguleringsplan for området må vidare ta stilling til tilkomst til arealet. Problemstilling knytt til fartsgrense noterer kommunen seg. Det er jamvel noko som må løftast for fylkeskommunen som aktuell vegmynd av fylkesvegen.</p>	

		<p>Området frå Vassdalsvegen, opp i høgda mot Vassenden og mot Hålandsfossen er eksponert og utgjør den sydlege ramma kring bygda.</p> <p>Eksisterande anleggstrafikk er meir enn stor nok.</p> <p>Absolutt alle instanser frå FN og nedover åtvarar mot nedbygging av natur og dei konsekvensane det vil få for klima og naturmangfald.</p> <p>Vi vil og vise til NVE sine retningslinjer for flaum og skredfare i nye arealplanar, og korleis dette særleg må takast omsyn til.</p> <p>Eit særst viktig moment er og at i november 2021 blei villaksen raudlista, noko som legg tydelege føringar for korleis ein skal forvalte vassdraga i framtida.</p> <p>Ei realisering av N42 vil vere en katastrofe for alle som bur og ferdast langs Vassdalsvegen og har utsyn over dalen mot sør. Området vil verte svært naturestetisk forringa.</p> <p>I fleire år har støy, støv og visuell forureining gått ut over livskvaliteten til oss som bur her, og vi ser med skrekk på korleis dette vil utvikle seg med utvidinga av N42.</p> <p>Området nyttast flittig heile året av lokalbefolkninga til friluftsliv. Stien som går opp til Strandavatnet er merka, og der ligg det så flott til rette for allsidig aktivitet, mellom anna med kanotur, bærplukking, soppanking og rekreasjon.</p> <p>Vi treng å bli høyrte i denne saka – som nemnt i innleiinga, kjenner vi oss makteslause og overkøyrd og det å ikkje bli tatt på alvor med våre innspel, går utover både nattesøvn, livskvalitet og skaper store bekymringar for framtida på Håland.</p>	
	Norske Lakseelver	<p>I Storelva/Dalselva er det atlantisk laks. Laksen er på rødlista som nært truet, men arten er ikke nevnt blant de andre nært truede artene i dette avsnittet av konsekvensutredningen. Vi mener at det er svært uheldig å endre gjeldende formål «LNF» til nytt formål «Næring» på et område som ligger inntil et viktig anadromt vassdrag. Hålandstjørna i Dalselva/Storelva er et dokument gyteområde for laks og sjøørret. Statsforvalteren har tidligere vært opptatt av å hindre skade på fiskebestanden. Statsforvalteren uttaler at: <i>«truleg er det Hålandstjørna som har vorte mest påverka av dei eroderte massane.»</i></p>	<p>Viser til kommentert merknad frå Norges Miljøvernforbund, elveeigarlag, MDG og grunneigarar i området. Desse tek føre seg mykje av dei same tilhøva som er nemnt her.</p> <p>Viser også her til endring i form av avgrensing av området, føresegner og krav om detaljregulering.</p> <p>Detaljreguleringsplan vil sikre at eventuell utbygging vert opplyst gjennom ein detaljert prosess med krav</p>

			om utgreiing m.m. i tråd med bl.a. kap.12 i plan- og bygningslova.
	Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane	Området er stort, og ei utbygging vil ha stort skadepotensiale for Hålandstjørna i Storelva/Dalselva, som er eit viktig laksevassdrag, der det er dokumentert frå Statsforvaltaren at det er gode gyte- og oppvekstvilkår. Vi merker oss særleg at terrenghellinga er slik at avbøtande tiltak vil vere vanskelege, utan store terrenginngrep som i seg sjølv vil kunne verke skjemmande. Det bør vurderast nøye om dette store arealbeslaget er naudsynt, om det ikkje kan finnast alternative områder og om nedbygginga av dette viktige natur- og kulturlandskapet er verdt det i form av eventuelle nye arbeidsplassar. Basert på KU så vil vi frårå tiltaket, og i alle høver be om at arealet som er tilknytta bekken gjennom området – og arealet vestanfor, vert tatt ut.	<p>Viser til kommentert merknad frå Norges Miljøvernforbund, elveeigarlag, MDG og grunneigarar i området. Desse tek føre seg mykje av dei same tilhøva som er nemnt her.</p> <p>Viser også her til endring i form av avgrensing av området, føresegner og krav om detaljregulering.</p> <p>Detaljreguleringsplan vil sikre at eventuell utbygging vert opplyst gjennom ein detaljert prosess med krav om utgreiing m.m. i tråd med bl.a. kap.12 i plan- og bygningslova. Terrenginngrep er eit av mange tilhøve som vil vere relevant i ein slik prosess.</p>
VA41 og VA42	Ariel Seafood	Ynskjer å utvide akvakulturareal grunna: Ved å flytte noverande anlegg litt ut i fjorden er det plass til å eventuelt utvide. Dei har framtidige planar om anna fjordbruk som kan lokaliserast på innsida av blåskjellanlegga. Blåskjella vil då fungere som filter og reinseanlegg.	Merknaden er teke til følge.